

Tala i Kulturløftet

Del 1

Kulturløftet i det statlege kulturbudsjettet 2005-2013

Georg Arnestad

(november 2012)

Føreord

Kulturløftet er det namnet den raud-grøne regjeringa har gitt si eiga kultursatsing. Realiseringa av Kulturløftet starta då regjeringa Stoltenberg overtok etter Bondevik II-regjeringa i oktober 2005. Men sjølve Kulturløftet vart presentert alt våren 2004.

Tala i Kulturløftet er tema for dette konsulentarbeidet. Arbeidet er gjort på oppdrag av Kulturutredningen 2014, utvalet som no utgreier kulturpolitikken sidan 2005, og vurderer dei viktigaste utfordringane kulturpolitikken står overfor dei nærmaste åra.

Hovudformålet med arbeidet mitt er i følge det opphavlege mandatet:

”å systematisere og analysere informasjon om statlige bevilgninger over kulturbudsjettet inkludert bevilgninger til film og det frivillige kulturliv. Formålet er å bidra til å skape et kunnskapsgrunnlag for å vurdere effektene av kulturpolitikken etter 2005. Konsulenten skal utarbeide en oversikt over utviklingen i bevilgninger på de nevnte områdene i statsbudsjettet i perioden 2005 – 2012.”

To delrapportar om dette vart overleverte Kulturutredningen i juni 2012. Etter at forslaget til statsbudsjett for 2013 låg føre, bad Kulturutredningen meg om å supplere rapportane med opplysningar frå forslaget til kulturbudsjett for 2013. Det har eg gjort. Eg har no laga to ajourførte rapportar, der budsjettal for 2013, så langt dei ligg føre, er rekna inn i analysane.

I *del 1*, dette notatet, vert det gitt eit oversyn over utviklinga av dei statlege løyvingane til kulturformål for perioden 2005-2013. Notatet presenterer oversyn over fordelinga av løyvingane mellom ulike formål, og korleis desse løyvingane fordeler seg geografisk, på fylkesnivå. Hovuddelen av arbeidet i dette notatet er konsentrert kring ein analyse av utviklinga av løyvingane innanfor «det tradisjonell» kulturområdet, forstått som kategori 08.20, budsjettkapittel 320-329, i Kulturdepartementets budsjett. Analysen er basert på detaljerte opplysningar frå departementet, stilt til disposisjon for meg gjennom eit omfattande rekneark for perioden 2005-13 for dei nemnde budsjettkapitla. Dette er supplert med opplysningar frå dei årlege budsjettproposisjonane.

Analysen kviler på eit stort talmateriale, som er analysert elektronisk. Ein kan ikkje sjå vekk frå at nokre feil kan ha sneke seg inn i mitt vidarearbeid med det omfattande reknearket.

I *del 2* av dette arbeidet er det gitt eit detaljert oversyn over og samanfatingar av realveksten i Kulturløftet for kvart av åra 2006-13, fordelt etter tiltak og formål.

Sogndal 21.11.2012

Georg Arnestad

Oppsummering

Kulturløftet er namnet på den satsinga som har lege til grunn for kulturpolitikken i den raudgrøne regjeringa sidan ho overtok i oktober 2005. I dette notatet er det på oppdrag av Kulturutredningen 2014 gjort ein analyse av tala i Kulturløftet med grunnlag i materiale som Kulturdepartementet har stilt til disposisjon om dei årlege kulturbudsjetta for perioden 2006-2013.

Dei viktigaste hovudtrekka er:

- Dei samla statlege kulturutgiftene var i 2005 vel 5 mrd. kroner. I framlegget til statsbudsjett for 2013 er dei statlege kulturutgiftene 9,95 mrd. kroner. Det inneber ein nominell vekst på 99 pst. i kulturbudsjettet. Veksten i det samla statsbudsjettet var i same periode 64 pst. I 2005 stod Kulturdepartementet for nesten heile det statlege kulturbudsjettet. I 2013 er budsjettet fordelt på i alt seks departement. 95 pst. av løyvingane kjem frå Kulturdepartementet.
- I 2005 utgjorde dei statlege kulturløyvingane 0,8 pst. av dei samla utgiftene i statsbudsjettet, ekskl. lån og petroleumsverksemd. Målt ut frå 2013-budsjettet er denne delen nå 0,96 pst. Punkt nr. 1 i både Kulturløftet I og II er at dei statlege kulturutgiftene i 2014 skal utgjere éin prosent av statsbudsjettet.
- Realveksten i kulturbudsjettet i perioden var klart høgast i 2009 og 2010, og lågast i 2006 og 2012. Realveksten både i 2002 og 2005, altså før Kulturløftet, var høgare enn i 2012.
- Innanfor Kulturdepartementets ansvarsområde er det utgiftene til frivilligheitsformål som har hatt den klart sterkaste budsjettveksten i perioden 2005-2013, med nesten 500 pst.
- Den største enkeltkomponent innanfor dette område, og innanfor Kulturløftet samla, er meirverdikompensasjonen til frivillige organisasjonar. Den utgjorde i 2012 33 pst., i 2011 45 pst. og i 2013 heile 57 pst. av Kulturløftet over budsjettet i Kulturdepartementet.

I denne rapporten er hovudvekta lag på ein nærmare analyse av utgiftene til («tradisjonelle») kulturformål (programkategori 08.20 Kulturformål) over Kulturdepartementets budsjett med grunnlag i materiale er stilt til disposisjon av departementet. Når vi ser på dei enkelte kulturområda uavhengig av budsjettkapittel, er veksten i kulturløyvingane slik:

Kulturområde	Samla	Realendring	Samla	Realendring	Samla	Realendring
	endring 2005-2013	2005-2013	endring 2005-2010	2005-2010	endring 2010-2013	2010-2013
Allmenne kulturformål	75,3 %	41,7 %	17,7 %	28,6 %	48,9 %	10,8 %
Kunstnarformål	41,8 %	9,3 %	24,5 %	6,2 %	13,9 %	2,6 %
Biletkunst, kunsthåndverk	56,8 %	28,1 %	36,2 %	19,5 %	15,1 %	7,0 %
Musikk	92,8 %	63,6 %	71,6 %	48,3 %	12,3 %	9,4 %
Scenekunst	92,0 %	56,7 %	62,2 %	40,3 %	18,3 %	10,8 %
ABM	-	-	73,5 %	20,3 %	-	-
Språk, litteratur, bibliotek	74,2 %	36,1 %	48,4 %	30,9 %	17,4 %	3,7 %
Museum/kulturvern	95,2 %	71,7 %	65,8 %	56,2 %	17,7 %	9,5 %
Arkiv	81,8 %	49,1 %	45,7 %	29,6 %	24,8 %	14,1 %
Kulturformål totalt	77,3 %	45,9 %	52,1 %	35,9 %	16,6 %	6,8 %

Kjelde: rekneark frå Kulturdepartementet

- Tabellen viser at det er museumsområdet som for perioden 2005-13 har størst prosentvis vekst i dei samla kulturløyvingane, både *nominelt* og *reelt*. Deretter følgjer områda musikk og scenekunst. Museums- og musikkveksten er særleg sterk til og med 2010. I perioden 2010-13 er det arkivområdet som har størst vekst, følgd av scenekunst.
- I *absolutte tal* er det scenekunstmrådet som har hatt størst vekst i løyvingane i perioden, følgd av musikk- og museumsområdet.
- *Realveksten* er spesielt låg når det gjeld kunstnarformål. Den visuelle kunsten (biletkunst, kunsthåndverk) og området språk/litteratur/bibliotek er i ein mellomposisjon, med under gjennomsnittleg vekst i løyvingane. For den visuelle kunsten betrar det seg litt mot slutten av siste periode.
- Veksttakten i løyvingane til det «*tradisjonelle*» kulturområdet er mindre i 2011-13 enn i dei store vekståra 2009 og 2010.

Når vi fordeler løyvingane etter tiltak og formål *innanfor* kvart av kulturområda, finn vi desse hovudtrekka:

- Innanfor musikk-, scenekunst- og biletkunstheltet går framleis ein stor del av løyvingane til viktige sentrale institusjonar. Men på dei to førstnemnde feltta går institusjonsdelen av løyvingane nedover.
- På områda musikk og scenekunst har det vore betydeleg større vekst for R/L- og R/D-institusjonar enn for dei nasjonale institusjonane, med unntak av Den Norske Opera og Ballett.
- Betydeleg vekst i tilskotsordningane for rytmisk musikk og etablering av nye scener for jazz og folkemusikk, og styrking av løyvingar til mindre klassiske ensemble og kor
- Talet på knutepunktsinstitusjonar på musikkfeltet har auka frå 5 til 12 i perioden. På scenekunstheltet er det berre éin slik institusjon. Det er det òg innanfor biletkunstmrådet og litteraturområdet.
- Det har vore ei klar styrking av region- og distriktsopera og av løyvingane til profesjonell dans.
- Ein aukande del av løyvingane innanfor musikk-, scenekunst- og biletkunstheltet går til relativt små tiltak og institusjonar (men ikkje til dei aller minste..)
- Det har vore ei god oppfølging av Språkmeldinga gjennom styrkte løyvingar til språk- og litteraturformål.
- Konsolideringa av museumsfeltet har medført betydeleg budsjettvekst for sektoren. Men det er forbausande lite frie midlar til tiltak utanfor musea.
- På arkivområdet går 95 pst. av løyvingane til éin institusjon (Arkivverket).
- Det har vore (bortimot) nullvekst til kunstnarstipend og garantiinntekter.
- Trass i ei viss «opprydding» i budsjetteringsrutinar o.l. vert det framleis ytt statlege tilskot over KUD-budsjettet til eit mylder av tiltak og institusjonar.

Vi har òg sett på den geografiske fordelinga av løyvingane på «det tradisjonelle» kulturområdet. Følgjande konklusjonar kan trekkjast:

- Per innbyggjar går i dag mellom 2700 og 3600 kroner per innbyggjar til kulturtiltak i Oslo. For resten av landet er talet rundt 450 kroner per innbyggjar. Tala vi får, er avhengige av korleis vi definerer «kulturtiltak i Oslo».
- Det har perioden igjennom vore klart sterkare prosentvis vekst i løyvingane til kulturtiltak og -institusjonar utanfor Oslo enn i Oslo. Dette skuldast særleg

museumsreforma og ei betydeleg opprusting og etablering av institusjonar på musikk- og scenekunstheltet utanfor Oslo.

- Sør-Trøndelag er i dag det fylket utanom Oslo som har størst kulturløyving per innbyggjar. Hordaland har hatt størst prosentvis nedgang i statlege kulturløyvingar i perioden 2005-13. Nedgangen for Oslo og Hordaland har samanheng med låg realvekst for nasjonale institusjonar innanfor scenekunst (unntatt DNOB) og musikk.
- Mange utkantfylke har hatt ein relativt stor vekst i statlege kulturløyvingar i perioden.
- Investeringsløyvingane har vore størst i Vest-Agder (Kilden) og Rogaland (Konserthuset i Stavanger). Det har i perioden ikkje vore statlege kulturinvesteringar i Oslo.
- Utgiftene på frivilligheitsområdet er relativt jamt fordelte utover i landet.
- Regionale filmtiltak har auka sin del av samla filmløyvingar frå 3,2 til 7,2 pst. i perioden 2005-13. Veksten har vore beskjeden dei siste åra. Løyvingane til dei regionale filmfonda har vore nominelt uendra sidan 2008.

1. Kulturløftet

I dette notatet vert det gitt eit relativt detaljert oversyn over og analyse av utviklinga av statlege løyvingar til kulturformål i perioden 2005-2013. Arbeidet er gjort på oppdrag av Kulturutredningen 2014. Bakgrunnen for analysen er den satsinga som den raudgrøne regjeringa har gjort på kulturområdet i same perioden. Denne satsinga har dei raudgrøne gitt namnet “Kulturløftet”.

Kulturløftet fekk sin offisielle start om kvelden den 29. mars 2004. Då kalla tre medlemmer av Stortingets familie- og kulturkomité inn til ein overraskande pressekonferanse på jazzklubben Blå i Oslo. Dei tre representantane var Trond Giske (Ap), Magnar Lund Bergo (SV) og Eli Sollied Øveraas (Sp). Partia som dei tre representerte, hadde funne saman i sluttspurten av komiteens behandling av Valgjerd Svarstad Haugland si kulturmelding ”Kulturpolitikk fram mot 2014”. Dei raudgrøne partia meinte at kulturpolitikken til den sitjande regjeringa var lite offensiv. Dei tre nemnde representantane hadde derfor utarbeidd eit felles dokument dei kalla ”Kulturløftet”: 15 punkt som skulle gjere Noreg til ein leiande kulturnasjon. Det første, og viktigaste, punktet i dette løftet var målsetjinga om at i 2014 skulle éin prosent av statsbudsjettet gå til kulturformål. Punkt nr. 2 var innføring av ei kulturlov. Dei 13 andre punkta lova, utan å kvantifisere det, auka satsing innanfor ei rekkje kulturområde. Heile satsinga fekk namnet “Kulturløftet”, og vart presentert første gong denne seine marskvelden i 2004.

Ved stortingsvalet i 2005 fekk Ap, SV og Sp fleirtal i Stortinget, og skipa regjering. Trond Giske, hovudpersonen bak Kulturløftet, vart kulturminister. No kunne den raudgrøne satsinga setjast i verk. Litt etter litt, gjennom ein annonsert vekst i kulturløyvingane, skulle realiseringa skje. Utkastet til kulturlov vart lagt fram hausten 2006, og vedteken i Odelstinget 12. juni 2007.

Satsinga var ikkje avgrensa til éin stortingsperiode. Før valet i 2009 vart derfor Kulturløftet II lagt fram, denne gongen med 17 punkt. Punkt 1 var framleis målsetjinga om at kulturløyvingane skulle utgjere éin prosent av statsbudsjettet. Kulturskule for alle barn som ønskjer det, er målsetjing nr. 2 i Kulturløftet II. Denne målsetjinga var punkt nr. 4 i det første Kulturløftet. Kulturløftet I og II følgjer som vedlegg lengst bak i denne utgreiinga.

Mandatet

Tala i Kulturløftet er tema for dette arbeidet. Mandatet eg fekk frå Kulturdepartementet lyder som følgjer:

“Oppdraget dreier seg om å systematisere og analysere informasjon om statlige bevilgninger over kulturbudsjettet inkludert bevilgninger til film og det frivillige kulturliv. Formålet er å bidra til å skape et kunnskapsgrunnlag for å vurdere effektene av kulturpolitikken etter 2005.

Konsulenten skal utarbeide en oversikt over utviklingen i bevilgninger på de nevnte områdene i statsbudsjettet i perioden 2005-2012. Arbeidet skal synliggjøre realveksten i bevilgninger på de ulike områdene. Videre skal konsulenten synliggjøre andelen av realveksten som har gått til kunstnerisk/faglig aktivitet og andelene som har gått til andre formål.

Konsulenten skal beskrive fordelingen av bevilgninger mellom ulike formål/budsjettkapitler og kommentere særtrekk ved utviklingen i bevilgninger innenfor de ulike budsjettkapitlene og analysere disse med henblikk på:

- Fordelingen av bevilgninger mellom kunstarter/sjangre innenfor de ulike budsjettkapitlene
- Hvilken innretning har veksten hatt innenfor de ulike budsjettkapitlene (dreier det seg om styrking av eksisterende institusjoner, oppbygging av nye institusjoner, finansiering av prosjekt, osv.)
- Den geografiske/fylkesvise fordelingen av bevilgninger.”

Eg leverte ein rapport om dette til Kulturutredningen i juni 2012. Etter at statsbudsjettet for 2013 var framlagt, bad utvalet meg ajourføre analysen med tal frå det statlege kulturbudsjettet for 2013. *Denne versjonen av analysen* er såleis basert på tal som gjeld Kulturløftet for perioden 2005-2013.

Det samla Kulturløftet

Kulturdepartementet og Kulturutredningen 2014 har bestilt eit konsulentarbeid som skal vise utviklinga av Kulturløftet i tal. Hovudmerksemda skal rettast mot utviklinga av løyvingane over budsjettet til Kulturdepartementet. Desse utgjorde i 2013 95 pst. av det samla Kulturløftet. I 2006 var prosentdelen 99 pst. Kulturdepartementet har stilt til disposisjon eit omfattande talmateriale som grunnlag for mine analysar.

Sidan ein liten, men jamt aukande del av Kulturløftet har vorte realisert over budsjettet til fem andre departement, skal vi innleiingsvis gi eit oversyn over utviklinga av dei samla statlege kulturløyvingane under Kulturløftet for perioden 2005-2012. For å kunne samanlikne er det òg teke med tal for perioden 2001-2005. Tabell 1, neste side, viser utviklinga av kulturløyvingane 2001-2013 over budsjetta til Kulturdepartementet og fem andre departement. Tabellen inneheld òg ei samanlikning mellom utviklinga av utgiftene i det samla statsbudsjettet (ekskl. lån og petroleumsverksemd) og utgiftene til kulturformål. Det heile vert illustrert ved tre figurar.

Tabellen og figurane viser at den *årlege realveksten* i det samla statlege kulturbudsjettet i perioden 2006-2013 varierte mellom 2,9 pst. (2006) og 9,0 pst (2010). Veksttakten har vore klart sterkare enn i perioden 2001-2005. Men realveksten i det samla statlege kulturbudsjettet var både i 2002 og i 2005 høgare enn i 2012. Det er særleg åra 2009 og 2010 som merkjer seg ut med høg realvekst; med heile 7,9 og 9,0 pst. Den *nominelle prosentveksten* er størst i 2005 og 2009 (12,5 og 12,0 prosent).

Veksten i *kulturbudsjettet* har i heile perioden 2005-2013 vore sterkare enn veksten i *statsbudsjettet* (eksklusive lån og petroleumsverksemd). Forskjellen mellom dei to er særleg stor i 2005, altså før Kulturløftet, med heile 7,1 prosentpoeng. I Kulturløftsperioden er forskjellen sterkast i 2010 og 2013 (4,1 prosentpoeng begge åra) og lågast i 2012 (1,4 prosentpoeng). Som vi ser av tabellen, er det i 2005, 2010 og 2013 at det er klarast vekst i den delen kulturbudsjettet utgjør av statsbudsjettet. I åra 2001-2004 var det tilbakegang og stillstand i denne prosentdelen. Etter 2013-budsjettet utgjør kulturbudsjettet 0,96 prosent av statsbudsjettet.

Kulturløyvingane auka nominelt med til saman rundt 4,95 mrd. kroner i perioden 2005-2013. Kulturbudsjettets nominelle prosentvise vekst i perioden var 99 pst. I same periode vaks utgiftene i statsbudsjettet med 64 pst.



Det vidare arbeidet vert konsentrert om analysar av kulturbudsjettet i Kulturdepartementet, med særskild vekt på "kulturkapitla" i budsjettet, dvs. programkategori 08.20 Kulturformål, som omfattar budsjettkapittel 320 til 329. Dette er i samsvar med mandatet.


Tabell 1 Samla statlege løyvingar til kulturformål 2001-2013. 1000 kroner.

	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Sum kultur under Kultdept	3 772,0	4 085,1	4 222,2	4 444,7	5 005,4	5 274,5	5 722,5	6 227,2	6 914,6	7 635,2	8 196,5	8 583,9	9450,8
Utanriksdeptet	56,7	56,7	56,7	57,8	59,1	64,0	74,6	82,3	95,6	106,3	109,3	103,9	96,7
Fornyings-/adm.deptet										38,9	77,2	214,4	182,4
Kunnskapsdeptet									55,7	97,5	141,0	156,3	204,9
Helsedeptet og BL-deptet												2,1	15,3
Sum alle dept	3 828,7	4 141,8	4 278,9	4 502,5	5 064,5	5 338,5	5 797,1	6 309,5	7 065,9	7 877,9	8 524,0	9 060,6	9950,1
Årleg nominell auke		313,1	137,1	223,6	562,0	274,0	458,6	512,4	756,4	812,0	646,1	536,6	889,5
Prosentvis årleg auke		8,2	3,3	5,2	12,5	5,4	8,6	8,8	12,0	11,5	8,2	6,3	9,8
Lønns- og prisomrekning/tekniske endringar		102,0	166,0	123,1	365,7	126,4	164,4	206,7	259,0	178,0	220,1	234,1	289,7
Årleg realauke		211,1	-28,9	100,5	196,3	147,6	294,2	305,7	497,4	634,0	426,0	302,5	599,8
Prosentvis årleg auke		5,5	-0,7	2,3	4,4	2,9	5,5	5,3	7,9	9,0	5,4	3,5	6,6
Utgiftene i statsbudsjettet	487 185	552 499	563 453	599 431	631 760	656 352	695 800	745 104	821 722	883 000	935 078	981 100	1 036 868
Prosentvis årleg auke		13,4	2,0	6,3	5,4	3,9	6,0	7,0	10,2	7,4	5,9	4,9	5,7
1 pst. av statsbudsjettets totalramme	4 872	5 525	5 635	5 994	6 318	6 564	6 958	7 451	8 217	8 830	9 351	9 811	10 369
Kulturløftets del av statsbudsjettet (i pst)	0,79	0,75	0,76	0,75	0,80	0,81	0,83	0,85	0,86	0,89	0,91	0,92	0,96

Utanriksdepartementet: kultursamarbeid med utlandet (heile perioden). *Kunnskapsdepartementet:* kulturskular (2009-13, 76,4 mill. kroner i 2013), Arkeologisk museum i Stavanger (2009-13; 63 mill. kroner i 2013), avviklinga av ABM-utvikling (2011-12; 43 mill. kroner i 2012), Kunst i skolen og Norgeskunnskap i utlandet (2012-13; 5 og 6 mill. kroner),

Fornyings- og administrasjonsdepartementet: driftsutgifter Kyrkjeavdeling (2009-12; 14 mill. kroner i 2012), kulturrådgevarar (2011-12; 9 mill. kroner i 2012), Nasjonalmuseet (2010; 25 mill. kroner), Eidsvoldsbbygningen (2011-13; 44 mill. kroner i 2012), Norsk reiselivsmuseum (2012-13; 25 mill. i 2013) m Saemien Sitje (2012; 30 mill. kroner, Samisk kultur-språktiltak 2013: 10 mill. kroner. *Helsedepartementet:* bibliotekteneste i helseinstitusjonar (2012-13; 2 mill. kroner). *Barne- og likestillingsdeptet:* Stemmerettsjubileet 2013: 8,0 mill. og Storbyordningen, 2013: 5 mill. kroner. Under linja for *Kulturdepartementet* er for 2013 inkludert 75 mill. kroner pga. endring i tippenøkkelen





2. Kulturløftet i Kulturdepartementet

Det vidare arbeidet vert konsentrert kring analysar og oversyn basert på Kulturdepartementets trykte budsjettproposisjonar og talmateriale om dette som departementet har stilt til disposisjon for meg. Dette er i tråd med mandatet for dette oppdraget. Vi startar arbeidet med eit oversyn over utviklinga av løyvingane på kulturbudsjettet slik dei vert framstilte i budsjettproposisjonane. Totaltala som kjem fram i tabellen nedanfor, skil seg litt frå totaltala i tabell 1.

Tabell 2. Kulturdepartementets budsjett 2005-2013. 1000 kroner.

Kapittel, budsjettkategori	2005 – saldert	2006;bud. forslag, Svarstad Haugland	2006- saldert budsjett, Giske	2007 – saldert budsjett	2008- saldert budsjett	2009 – saldert budsjett	2010 – saldert budsjett	2011 – saldert budsjett	2012 – saldert budsjett	2013 – budsjett- forslag
300 Kulturdepartementet, adm. mm	97 890	97 776	98 593	102 667	110 496	116 484	104 423	112 996	115 062	120 149
305 (339) Lotteri- og stiftelsestilsynet	48 890	47 345	54 713	56 479	57 931	62 146	62 970	70 068	70 468	70 304
SUM 08.10 Administrasjon mm	146 780	145 121	153 306	159 146	168 427	178 630	167 393	183 064	185 530	190 453
310 Tilskot til trussamfunn mm	117 398	130 947	121 477	136 393	142 257	158 261	173 027	210 041	213 156	244 980
315 Frivillighetsformål+kultur/samfunn	218 840	240 362	274 362	288 641	312 827	379 211	612 239	895 309	905 176	1 293 278
SUM 08.15 Samfunns- og frivill.-formål	336 238	371 309	395 839	425 034	455 084	537 472	785 266	1 105 350	1 118 332	1 538 258
320 Allmenne kulturformål	716 570	548 859	597 580	711 454	500 437	594 926	609 687	786 198	814 641	857 438
321 Kunstnarformål	303 795	305 474	308 474	322 695	336 240	363 862	378 236	390 981	412 005	431 092
322 Biletkunst, kunsthv. og offentleg rom	287 025	280 652	278 927	303 571	343 309	378 892	407 799	389 249	401 882	435 425
323 Musikkformål	454 497	498 537	508 886	561 217	710 413	807 070	901 686	963 310	1 018 817	1 016 784
324 Scenekunstformål	889 061	942 408	956 968	1 043 396	1 225 385	1 358 133	1 524 623	1 632 155	1 717 130	1 872 198
325 Samordningstiltak for ABM	78 974	84 185	86 773	92 808	114 767	130 193	137 014	-	-	-
326 Språk, litteratur og bibliotekformål	428 670	451 058	466 780	474 244	633 260	705 594	757 803	805 976	841 245	873 630
328 Museums- og andre kulturv.formål	507 152	597 374	609 630	670 253	746 707	809 353	871 916	888 768	949 015	1 003 900
329 Arkivformål	197 728	206 457	211 415	221 529	240 833	265 811	288 047	299 996	324 125	359 508
SUM 08.20 Kulturformål	3 863 472	3 915 004	4 025 433	4 401 167	4 851 351	5 413 834	5 876 811	6 156 633	6 478 860	6 489 975
Årleg vekst kulturformål		1,3 %	4,2 %	9,3 %	10,2 %	11,6 %	8,6 %	4,8 %	5,2 %	1,7 %
334 Film- og medieformål	446 201	473 858	494 093	528 748	558 708	603 150	627 498	659 387	706 799	744 717
335 Pressestøtte	295 164	272 957	290 257	308 231	298 136	301 895	311 306	320 957	326 908	348 195
336 Infoberedskap – kringkasting	2 499	3 579	3 579	1 800	1 500	-	-	-	-	-
337 Komp. for kopiering til privat bruk	32 500	33 540	33 540	34 815	36 312	37 910	39 910	41 147	42 423	42 823
SUM 08.30 Medieformål	776 364	783 934	821 469	873 594	894 656	942 955	978 714	1 021 491	1 076 130	1 135 735
SUM Kulturbudsjettet i alt	5 122 854	5 215 368	5 396 047	5 858 941	6 369 518	7 072 891	7 808 184	8 466 538	8 858 852	9 354 421
SUM frivillighet, kultur, film	4 528 513	4 629 224	4 793 888	5 218 556	5 722 886	6 396 195	7 116 548	7 711 329	8 090 835	8 527 970
Årleg vekst heile budsjettet		1,8 %	5,3 %	8,6 %	8,7 %	11,0 %	10,4 %	8,4 %	4,6 %	5,6 %
Årleg vekst; frivilligh, kultur, film		2,2 %	3,6 %	8,9 %	9,7 %	11,8 %	11,3 %	8,4 %	4,9 %	5,4 %
Total vekst 2005-2013, heile budsjettet										82,6 %
Total vekst 2005-2013, "våre" formål										88,3 %

Kjelde: Dei årlege trykte budsjettproposisjonane frå Kulturdepartementet

Tabell 2 viser at veksten i heile kulturbudsjettet i perioden 2005-13 var 82,6 pst. Om vi ser på dei områda denne analysen omfattar, nemleg områda “*frivillighet, kultur og film*”, er veksten 88,3 pst. Den årlege veksten i det statlege kulturbudsjettet var særleg stor i 2009 og 2010, slik vi har sett tidlegare. Innanfor «det tradisjonelle kulturområdet» (område 08.20 Kulturformål) er budsjettveksten sterkast i 2008 og 2009, og minst i 2013. Legg elles merke til den betydeleg veksten i utgifter over kap. 315 Frivillighetsformål + kultur/samfunn i 2010, 2011 og 2013. Dette skuldast den sterke veksten i meirverdikompensasjon til frivillige organisasjonar desse åra. Veksten varierer elles betydeleg mellom dei ulike kulturområda, jf. tabellen nedanfor.

Tabell 3. Prosentvis nominell vekst etter område i KUD-budsjettet 2005-13

Område	Prosentvis vekst 2005-13	Prosentvis vekst 2005-10	Prosentvis vekst 2010-13
Kap. 315: Samfunn/frivillighet	491,0	179,8	111,2
Kap. 320 Allmenne kulturformål	19,7	-14,9	40,6
Kap. 321 Kunstnarformål	41,9	24,5	14,0
Kap. 322 Biletkunst mm	51,7	42,1	6,8
Kap. 323 Musikkformål	123,7	98,4	12,8
Kap. 324 Scenekunst	110,6	71,5	22,8
Kap. 325 ABM	-	73,5	-
Kap. 326 Språk/litt./bibliotek	103,8	76,8	15,3
Kap. 328 Museum, kulturvern	97,9	71,9	15,1
Kap. 329 Arkiv	81,8	45,7	24,8
Kap. 334 Film	66,9	40,6	18,7
Kap. 335 Pressestøtte	18,0	5,5	16,0
KUD-budsjettet i alt	82,6	52,4	19,8
”Våre” tre formål (kultur, frivillighet, film)	88,3	57,1	19,8
Kulturformål (kap. 320-329) i alt	68,0	52,1	10,4

Kjelde: Tabell 2.

Ifølgje tabellen er det løyvingane til området ”frivillighet/samfunn” som har auka mest, med nesten 500 pst. i perioden 2005-13. Men her var utgangspunktet lågt, jf. tabell 2. Mesteparten av veksten skuldast ein sterk auke i meirverdikompensasjon til frivillige organisasjonar i 2010, 2011 og 2013. I 2013-budsjettet utgjer denne kompensasjonen 77 pst av dei samla utgiftene til frivillighetsformål. Av Kulturløftet i KUD-budsjettet utgjorde denne meirverdikompensasjonen i 2010 33 pst., i 2011 45 pst. og i 2013 heile 57 pst.

Innanfor det ”tradisjonelle” kulturområdet er den nominelle veksten prosentvis størst for musikkformål, med 124 pst., deretter følgjer språk/litteratur/bibliotek (96 pst) og teater/opera (93 pst.). Utgiftene til kunstnarformål har hatt minst vekst av kulturområda, med 35,6 pst. Sekkeposten ”Allmenne kulturformål” har auka med berre 13,7 pst., men som det går fram av tabell 2, har denne posten eit ujamnt forløp i perioden. Det skuldast både store endringar i budsjettpraksis og fleire strukturelle grep på det statlege kulturområdet i perioden 2005-13. Desse endringane har gitt seg størst utslag på området ”Allmenne kulturformål”, men har òg gjort seg gjeldande innanfor nokre av kulturområda. Mellom anna vart institusjonen ABM-Utvikling avvikla med verknad frå 2011. Arbeidsoppgåvene vart derimot ikkje avvikla, men vidareførte av andre statlege institusjonar, særleg Norsk kulturråd. Dette medførte betydelege

omposteringsar i budsjettet, utan av utgiftene vart borte. Også Kulturfondet har gått gjennom betydelege endringar i perioden; endringar som har fått konsekvensar for kva for postar i KUD-budsjettet utgiftene har vorte førte over. I siste del av Kulturløftsperioden (2010-2013) er det arkivområdet som har sterkast prosentvis vekst innanfor det «tradisjonelle» kulturområdet.

Det har i løpet av perioden 2005-13 vore ei rekkje ”tekniske” endringar i KUD-budsjettet. Desse endringane gjer at budsjettanalysar som aleine baserer seg på dei offisielle tala i budsjettproposisjonane, ikkje vil vere å stole på, når vi ser på utviklinga innanfor dei ulike delane av budsjettet. Det er slike forhold som gjer at Kulturutredningen har bedt om ein analyse som kviler på eit meir detaljert talgrunnlag enn det som går fram av dei trykte budsjettproposisjonane.

Uansett, som tabell 2-3 viser, det har vore ein betydeleg nominell vekst i dei statlege kulturutgiftene over Kulturdepartementets budsjett. I kroner og øre er det, vurdert ut frå desse tala, scenekunstheltet som har vakse mest. Prosentvis har det vore sterk vekst på musikkområdet. Når det gjeld kunstnarformål, har det vore ein relativt beskjeden vekst, det same gjeld biletkunst og kunsthandverk. Innanfor området kunstnarformål har det, som vi skal sjå seinare, også vore få budsjett-tekniske og andre ”forstyrrende” endringar i perioden. Men aller sterkast vekst har det altså vore innanfor det frivillige området. Frivillighetsområdet utgjer heile 25 pst. av den samla årlege realveksten til Kulturløftet, og 28 pst. av realveksten til Kulturløftet over KUD-budsjettet.

3. Nokre omgrepsavklaringar

Så langt har vi presentert tabellar som er utarbeidde med basis i tilgjengeleg talmateriale frå ulike budsjettproposisjonar. Men Kulturutredningen 2014 har ønskt seg ein kvantitativ analyse av Kulturløftet som kan gå meir detaljert til verks enn det som har vore mogleg å få til berre ved hjelp av talmateriale frå budsjettproposisjonane. Eg viser her til mandatet, jf. s. 3 ovanfor.

Dei årlege budsjettproposisjonane utgjer sjølvstige ei viktig kjelde for arbeidet. Viktigaste kjeldegrunnlaget for den kvantitative analysen er likevel nokre rekneark som er utarbeidde i og av Kulturdepartementet. Som basis for mitt arbeidd har eg fått tilsendt rekneark som inneheld oversyn over utviklinga av løyvingar på eit detaljert nivå for åra 2006-2013 for desse hovudområda:

- Kulturområdet (budsjettkapittel 320-326, 328-329)
- Filmområdet (filmdelen av budsjettkapittel 334)
- Samfunns- og frivillighetsområdet (budsjettkapittel 314-315)

Kulturområdet utgjer det klart største av desse tre, med 76 prosent av løyvingane over Kulturdepartementets budsjett. Denne prosentdelen har vorte redusert i perioden. I 2005 utgjorden den 85 pst. Samla løyvingar til dei tre områda i framlegget til statsbudsjett for 2013 fordeler seg slik:

Tabell 4. *Samla kulturløyvingar 2013 i KUD-budsjettet*

Område	Løyving (1000 kr)	Andel av total løyving
Samfunn/Frivilligheit	1 293 278	15,2 pst.
Kulturformål	6 489 975	76,1 pst.
Filmformål	744 717	8,7 pst.
SUM	8 527 970	100,0 pst.

Talgrunnlaget for analysen

Dei mest detaljerte data har eg fått for løyvingane til kulturformål (kap. 320-329 i budsjettproposisjonen). Departementet har på dette området utarbeidd eitt svært stort rekneark som på institusjons- og tiltaksnivå gir eit oversyn over løyvingar på statsbudsjettet for kvart åra i perioden 2005 til og med 2013. Her kan eg følgje utviklinga av løyvingane til rundt 1.000 enkelttiltak og institusjonar på det statlege kulturbudsjettet frå år til år.

For kvart av åra 2006-2013 er det utarbeidd oversyn der budsjettendringane for dei ulike tiltaka og institusjonane er delte inn i følgjande:

- Pris- og lønnskompensasjon (ikkje for 2006)
- Ulike tekniske endringar
- Realendring
- Samla endring

Pris- og lønnskompensasjon er ein gitt storleik fastsett av FAD, som KUD må ta til vitende. *Tekniske endringar* er i hovudsak endringar der eit tiltak eller institusjon vert flytta frå eit kapittel til eit eller fleire andre kapittel i KUD-budsjettet, eventuelt frå KUD til eit anna departement (eller omvendt). Endringane kan vere av rein budsjett-teknisk art, men dei kan òg gjerne vere, og er ofte, ein konsekvens av politiske vedtak. Det kan òg vere institusjonar som får auka utgiftsløyving parallelt med større inntektskrav. Netto medfører det ingen auke for staten. For nokre av budsjettåra er det òg ein del andre tekniske endringar som må takast omsyn til. *Realendring* er den reelle veksten i statleg løyving som vert gitt den enkelte institusjon eller tiltak. Under perioden med Kulturløftet har den politiske leiinga i Kulturdepartementet utarbeidd oversyn over kva tiltak/institusjonar som skulle få realauke i løyvingane og kor stor denne auken skulle vere. *Samla endring* er ein saldopost som viser den endelege budsjettendringa frå det eine året til det andre.

Nærmare om “tekniske endringar”

Det som skapar mest problem i analysen av utviklinga av Kulturløftets innverknad på dei ulike kulturområde og kunstsjantrar, er sjølv sagt dei tekniske endringane. Eine år høyrer t.d. ei rekkje driftstilskot til musikk- og scenekunsttiltak heime i eit budsjettkapittel i departementet, medan dei neste året er flytta til budsjettpostar under Norsk kulturråd. Eller det kan vere heile institusjonar som vert flytta frå eit budsjettkapittel til eit anna. Det hender òg at institusjonar vert lagde ned, eller at verksemda vert delt opp, slik tilfellet var med ABM-Utvikling i frå 2011.

Nettopp 2011 var eit år med særleg mange og store tekniske endringar i det statlege kulturbudsjettet. 40 årsverk frå ABM-Utvikling blei førte over til Norsk kulturråd. Resten vart overført til Nasjonalbiblioteket (20 årsverk) og til eit nytt forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet (6 årsverk). Drifts- og prosjektmidlar frå ABM-utvikling vart ført

over til ulike budsjettkapittel og postar i KUD-budsjettet, mesteparten (ca. 50 mill. kroner) til kap. 320.01 (Allmenne kulturformål).

I 2011 vart òg ei rekkje budsjettpostar under dei relevante fagkapitla for Norsk kulturfond endra. Bakgrunnen var denne: Til og med 2007 vart alle midlane til Kulturfondet førte over kapittel 320 Allmenne kulturformål som ein samlepott. Midlane vart så fordelte til ulike kulturformål av Kulturrådet. Frå og med 2008 vart det innført ei ordning der departementet fastsette i detalj korleis Kulturrådet skulle disponere desse midlane til ulike formål. I KUD-budsjettet var dette ført over 55-posten under dei ulike fagkapitla. I budsjettet for 2011 løyste departementet opp på desse bindingane, og overlét (igjen) fordelinga av midlane til Kulturrådet. Det vart samtidig innført ein ny struktur for budsjettering av eitt- og fleirårige prosjekttilskot og driftstilskot frå Kulturrådet. Dette medførte store tekniske endringar i kulturbudsjettet for 2011. Dei “frie” tilskotsmidlane over Norsk kulturfond har såleis skifta budsjettkapittel to gonger under Kulturløftet. Desse endringane har gjort store utslag i budsjettet under kapittel 320 Allmenne kulturformål. Mesteparten av desse endringane er det likevel mogleg å ta omsyn til i analysen av budsjettet.

Det var også ein god del tekniske endringar i budsjetta for 2009 og 2010, men av mindre omfang enn i 2011. *I 2009* vart m.a. Arkeologisk museum (post 328.01; 50 mill. kroner) ført over frå KUD til Kunnskapsdepartementet, 40 mill. kroner i prosjektmidlar frå det avslutta prosjektet Stavanger kulturhovudstad vart ført over til investeringsprosjekt under Nasjonale kulturbygg og utgifter til Riksteatret turnéverksemd (50 mill. kroner) vart ompostert. *I 2010* er det ein del mindre, og for det meste handterlege, omposteringar på teater- og musikkfeltet, det same gjeld i budsjettet for *2012*. For vår analyse over tid for dei ulike kulturområda er det særleg dei “tekniske” budsjettendringane i 2011 som utgjør ei utfordring. At dei “tekniske” endringane ofte er politisk motiverte, spelar inga rolle for analysen av tala.

Eg har etter beste evne prøvd å ta omsyn til mange omleggingane, tekniske budsjettendringane og omposteringane som har vorte gjort i perioden. Det viktigaste for meg har vore å prøve å få til områdegrupperingar som medfører at t.d. områda “musikk” og “scenekunst” vert einskaplege gjennom heile perioden 2005-2012. Det store reknearket eg har fått tilsendt, gjer det teknisk mogleg å få dette til eit godt stykke på veg.

Dei endringane som er omtalte ovanfor, inngår i det store reknearket eg har fått, som omhandlar budsjettet til kulturformål. Eg har ikkje fått tilsvarende rekneark for frivillighets- og filmfeltet. Dei oversiktstabellane som eg har fått om utviklinga 2005-2012 for områda frivillighet/kultur og filmfeltet, inneheld altså ikkje oversyn over realendringar, tekniske endringar osv., men viser i hovudsak berre den nominelle utviklinga av budsjettet frå år til år. Eg har òg fått oversyn som viser den geografiske fordelinga av postane i kulturbudsjettet 2005-2013 (førebelse tal for 2013). Her er mesteparten av løyvingane fordelte etter kvar helst den institusjonen eller tiltaket som det vert løyvd pengar til, er heimehøyrande geografisk. Denne fordelinga er stort sett enkel å lage, men det vil alltid vere ein del tvilstilfelle om korleis ein skal behandle institusjonar med adresse Oslo.

4. Kulturløyvingar 2005-2013 – utan og med omgruppering

Eg vil først presentere ein tabell som viser endringane av kulturløyvingane 2005-13 med grunnlag i dei reknearka eg har fått frå departementet, utan eg har gjort omgrupperingar av posteringar. I denne tabellen har eg teke med dei totale (nominelle) endringane og realendringane, slik eg har fått desse oppgitt av departementet. Vi må her gjere merksam på at året 2006 er noko problematisk. Det skuldast at det var éi regjering som la fram forslaget til

budsjett og ei ny regjering som fekk budsjettet vedteke. Det har vore vanskeleg (for meg) å få heilt klarlagt realendingane i dette budsjettet på dei ulike postane. Eg har valt å ta utgangspunkt i 160 mill. kroner, som var det som utgjorde skilnaden mellom budsjettframlegget til Svarstad Haugland og det tilleggsframlegget frå Giske som vart vedteke.

Tabell 5 viser samla endringar og realendingar for Kulturbudsjettet i perioden. For åra 2007-2012 har eg brukt dei realendingstala eg har fått oppgitt av departementet. Desse endringane er ”nye tiltak under Kulturløftet”, utarbeidde av den politiske leiinga. Det er altså dette som ligg til grunn for tala i kolonnane som viser “realendingar”. Vi har òg delt perioden inn i to delar; 2005-2010 og 2010-2013. Dette av to grunnar: statsrådskiftet hausten 2009 og, viktigast, dei omfattande tekniske og strukturelle endringane i budsjettet frå 2011.

Tabell 5 Samla endringar og realendingar i prosent. Kulturbudsjettet etter kapittel, 2005-2013

Kapittel/formål	Saldert statsbudsjett 2005 (1000 kr)	Samla endring 2005-13 (pst)	Real- endring 2005-13 (pst)	Samla endring 2005-10 (pst)	Real- endring 2005-10 (pst)	Samla endring 2010-13 (pst)	Real- endring 2005-13 (pst)
Kap 320 Allmenne kulturformål	716 570	19,7	39,3	-14,9	24,5	40,6	11,9
Kap 321 Kunstnarformål	303 795	41,9	6,5	24,5	3,8	14,0	2,6
Kap 322 Biletkunst og kunsthv.	287 025	51,7	25,6	42,1	19,6	6,8	5,0
Kap 323 Musikkformål	454 497	123,7	70,4	98,4	55,2	12,8	9,8
Kap 324 Scenekunst	889 061	110,6	57,0	71,5	41,4	22,8	11,0
Kap 325 ABM Utvikling	78 974	-	-	51,1	33,3	-	-
Kap 326 Språk/litt./bibliotek	428 670	103,8	41,8	76,8	36,6	15,3	3,8
Kap 328 Museum/kulturvern	507 152	97,9	73,4	71,9	58,3	15,1	9,5
Kap 329 Arkivformål	197 728	81,8	47,8	45,7	29,6	24,8	14,1
Sum 08.20 Kulturformål	3 863 472	68,0	48,0	52,1	36,0	10,4	8,8
Kap 314-15 Samfunn og frivilligh.	483 018	491,0	288,0	138,6	124,3	111,2	73,0
Kap 334 Film- og medieformål	446 201	66,9	42,5	40,6	28,7	18,7	8,7

Kjelde: Rekneark frå KUD

Dei samla prosentvise (nominelle) endringane 2005-2013 er i denne tabellen dei same som i tabell 3, som var basert på budsjettproposisjonane, med eit lite unntak for samfunn og frivillighet. Tabellen viser òg at veksten i kulturbudsjettet har halde fram etter 2010.

Realendingstala for heile perioden viser sterkast vekst for museums- og kulturvernsformål (73 pst.), med musikk (70) pst. og scenekunst (57 pst.) på dei neste plassane. Løyvingane til kunstnarformål har vakse lite, berre med 6,5 pst. for heile perioden. I siste periode er den prosentvise veksten størst på arkivområdet, med scenekunst deretter. Den beskjedne veksten til kunstnarformål har halde fram. Realendingstala viser altså eit anna bilde av veksten enn det dei nominelle tala gjer.

I tabell 6 nedanfor er tala omgrupperte. Det vil seie at eg prøvd å ta bort effekten av dei mange (tekniske) endringane som har blitt gjort med budsjetteringa av kulturfondsmidlane gjennom perioden. For heile perioden har vi fordelt desse midlane etter formål; det vil seie til biletkunst/kunsthåndverk, musikk, scenekunst og dans, litteratur og språk, kulturvern og allmenne formål. Eg har ikkje godt nok grunnlag til å fordele AMB-midlane etter formål for heile perioden. Det finst elles ein del andre mindre enkelttiltak som vi kunne ha fordelt frå ulike postar under kapittel 320 Allmenne kulturformål til eit av dei spesifikke kulturområda. Det gjeld særleg dei tiltaka som no (i 2011-2013) er på kap. 320, post 56 Norsk kulturfond. Tiltaka er truleg plasserte her av departementet fordi dei ikkje høver inn under dei andre områdespesifikke postane under Norsk kulturfond. For 2012 dreier dette seg om tiltak til i

alt22,8 mill. kroner. Posten omfattar mellom anna Kulturkirken Jacob, Den Unge Scenen, Atelier Nord, Union Scene, Norsk Dramatikkfestival; tiltak som ikkje enkelt lèt seg plassere i éin kulturkategori. Det er vel òg derfor dei er plasserte på budsjettkapittel 320.56. Eg har ikkje omfordelt desse tiltaka. Dei vert handsama som del av området *Allmenne kulturformål*. I denne kategorien høyrer òg tiltak som Sametinget, Fond for lyd og bilde, Noregs forskingsråd, Nobels fredssenter m.fl. heime. Det same gjer post 73, kap. 320 som dreier seg om investeringsutgifter til kulturbygg. Denne posten, som nokre år er relativt stor, er ikkje formålsfordelt. Posten er på 195 mill. kroner for 2013, i 2010-12 var den rundt 160 mill. kroner.

Tabell 6 *Kulturformålsløyvingar 2005-2012 gruppert etter omfordelte område. 1000 kroner.*

Kulturområde	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013*
Allmenne kulturformål	395 997	245 165	340 635	379 319	436 376	466 093	584 293	615 097	698 107
Kunstnarformål	303 795	308 474	322 695	336 240	363 862	378 236	390 981	412 005	430 900
Biletkunst, kunsth.verk	305 785	301 460	324 709	349 615	386 785	416 405	423 934	438 120	479 400
Musikkformål	591 595	656 891	721 106	795 194	916 492	1 015 403	1 070 738	1 133 377	1 140 600
Scenekunst	952 883	1 026 412	1 124 103	1 255 416	1 399 368	1 545 894	1 646 033	1 731 422	1 829 160
ABM	78 974	86 773	92 808	114 757	130 193	137 014	-	-	-
Språk, litteratur, bibliotek	510 798	560 387	574 855	633 260	705 594	757 803	818 730	854 395	889 800
Museum/kulturvern	525 917	628 756	678 727	746 707	809 353	871 916	921 453	969 829	1 026 400
Arkiv	197 728	211 415	221 529	240 833	265 811	288 047	300 471	324 615	359 508
Kulturformål totalt	3 863 472	4 025 733	4 401 167	4 851 341	5 413 834	5 876 811	6 156 633	6 478 860	6 849 975

*2013-tal med atterhald.

Kjelde: Rekneark frå KUD. Kulturfondsmidlar fordelt etter formål

Tabell 6 gir oss altså eit oversyn om den ”reelle” og formålsinndelte utviklinga av kulturløyvingane på Kulturdepartementets budsjett fordelt etter kulturområde, så langt det har vore teknisk mogleg å få til. Tabell 7 nedanfor viser utviklinga i prosent, både for totalloyvingane og for realendringane.

Tabell 7 *Samla endringar og realendringar kulturbudsjettet etter formål/grupperte område 2005-2012*

Kulturområde	Samla endring 2005-2013	Realendring 2005-2013	Samla endring 2005-2010	Realendring 2005-2010	Samla endring 2010-2013	Realendring 2010-2013
Allmenne kulturformål	75,3 %	41,7 %	17,7 %	28,6 %	48,9 %	10,8 %
Kunstnarformål	41,8 %	9,3 %	24,5 %	6,2 %	13,9 %	2,6 %
Biletkunst, kunsthandverk	56,8 %	28,1 %	36,2 %	19,5 %	15,1 %	7,0 %
Musikk	92,8 %	63,6 %	71,6 %	48,3 %	12,3 %	9,4 %
Scenekunst	92,0 %	56,7 %	62,2 %	40,3 %	18,3 %	10,8 %
ABM	-	-	73,5 %	20,3 %	-	-
Språk, litteratur, bibliotek	74,2 %	36,1 %	48,4 %	30,9 %	17,4 %	3,7 %
Museum/kulturvern	95,2 %	71,7 %	65,8 %	56,2 %	17,7 %	9,5 %
Arkiv	81,8 %	49,1 %	45,7 %	29,6 %	24,8 %	14,1 %
Kulturformål totalt	77,3 %	45,9 %	52,1 %	35,9 %	16,6 %	6,8 %

Kjelde: Rekneark frå KUD. Kulturfondsmidlar fordelt etter formål.

Samanlikna med tabell 5, der vi ikkje hadde områdegruppert tala, er det no området museum/kulturvern som har sterkast prosentvis vekst både nominelt og reelt. Det gjeld spesielt når vi ser heile perioden under eitt. Arkivområdet har sterkast vekst etter 2010. Generelt kan vi seie at dei tre budsjettmessig største områda; scenekunst, musikk og museum,

har den største veksten i åra 2005-2013. Utviklinga er betydeleg svakare innanfor områda kunstnarformål (særleg), biletkunst/kunsthandverk og, i noko mindre grad, språk/litteratur/bibliotek. Arkivområdet er i ein mellomposisjon. Dei store kulturområda har vakse seg større i løpet av Kulturløftsperioden.

Tabellane så langt viser at det i løpet av perioden 2005 til 2013 har vore ein sterk vekst i statens utgifter til musikkformål, til museums- og kulturvernfeltet og til scenekunstoprådet. Kunstnarstipend (inklusive garantiinntekter) og kollektive vederlagsordningar, som utgjer mesteparten av løyvingane til området kunstnarformål, har på langt nær halde tritt med den generelle veksten i kulturløyvingane.

Også områda biletkunst/kunsthandverk og språk/litteratur/bibliotek kjem relativt dårleg ut av Kulturløftet, sjølv om det her har vore ein rimeleg god realvekst. Dei tre siste åra har arkivfeltet hatt sterkast budsjettvekst, elles er det ikkje store skilje mellom perioden 2005-10 og perioden 2010-12, når vi ser på forholdet mellom dei ulike kulturområda. Men veksttakten på Kulturløftet innanfor «det tradisjonelle kulturområdet» er betydeleg lågare i åra 2011-13 enn i dei store vekståra 2009 og 2010.

5. Kulturløftet og geografisk profil

Neste punkt i analysen vert å sjå nærmare på utviklinga av løyvingane *innanfor* dei ulike kulturområda. Men før vi gjer det, skal vi sjå nærmare på den geografiske profilen på "Kulturløftet" (tabell 8). Utgangspunkt for dette er eit oversyn som KUD har laga, der dei har fylkesfordelt institusjonar og tiltak til det fylket der dei etter departementets meining høyrer heime.

I tillegg til det som er fylkes- og landsdelsfordelt, opererer departementet også med gruppene "Internasjonalt kulturløftet", "Nasjonalt kulturløftet" og "Ikke fordelt". Innanfor den *nasjonale* kategorien finn vi i alt 190 ulike tiltak og institusjonar. Størst av desse er Nasjonalbiblioteket (løyving 2012: 440 mill. kroner), Arkivverket (300 mill.), statlege kunstnarstipend og garantiinntekter (234 mill.), Rikskonsertene (158 mill.), vederlagsordningar (148 mill.) og Norsk kulturråd (107mill.). Kategorien "*Ikke fordelt*" inneheld 35 ulike tilskotsordningar. Den desidert største av desse er Norsk kulturfond (2012-løyving: 480 mill. kroner). Samla løyving på kulturområdet i 2012 var 6,4 mill. kroner (film og samfunn/frivilligheit ikkje rekna med). Av dette utgjorde dei tre kategoriane "Internasjonalt kulturløftet", "Nasjonalt kulturløftet" og "Ikke fordelt" 42 pst.

Fylkesfordelingar av det statlege kulturbudsjettet kan gjerast på fleire måtar. Eg har for min del lite å seie på den fordelinga departementet har gjort. Det er vanskeleg å fylkesfordele det arbeidet som dei nemnde institusjonane og tiltaka gjer. Data lèt seg skaffe, men mitt prosjekt har ikkje ressursar til å gjere ei slik datainnsamling. For ordens skuld har eg likevel laga til ein ekstra rubrikk eg kallar "Oslo II". Då har eg late Riksteateret, Norsk kulturråd, Rikskonsertene, ABM-utvikling og Språkrådet høyre til Oslo, saman med halvparten av Nasjonalbiblioteket. Den andre halvparten av Nasjonalbiblioteket har eg lagt til Nordland. (Nordland II i tabell 8).

Tabell 8 (neste side) viser utviklinga av fylkesfordelte utgifter til kulturformål per innbyggjar for perioden 2005-13 (film- og samfunn/frivilligheitsfeltet er ikkje rekna med). Tala for 2013 er førebels, og inkluderer ikkje tiltak på kap. 320/74, kap. 326/80 og 56-postane. Men alle dei største institusjonane er inkluderte for alle fylka.

Tabellen viser, som ventande er, at kulturøyvingane over Kulturdepartementets budsjett ikkje fordeler seg jamt mellom fylka i landet. Løyvingane per innbyggjar er klart størst for hovudstaden. Dei store institusjonane som Den Norske Opera og Ballett, Nationaltheateret, Det Norske Teateret, Nasjonalmuseet, Oslo-Filharmonien og Norsk Folkemuseum står med sine samla løyvingar for rundt 80 pst. av KUD sine kulturutgifter i Oslo, slik desse utgiftene er fordelte av departementet. At dei statlege løyvingane er lågast for Akershus fylke, er heller inga stor overrasking.

Tabell 8. Fylkesfordelte driftsutgifter på kulturområdet 2005-2013. Kroner per innbyggjar.

Fylke	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	Endring i pros 2005-13	Samla inv.tilskot per innb. 2005-2011
Østfold	100	115	125	158	189	215	225	234	241	141,1	92
Akershus	33	42	46	51	61	67	72	91	95	191,8	7
Oslo	1 755	1 877	2 011	2 212	2 340	2 528	2 658	2701	2685	53,0	0
Oslo II (inkl. 5 nasj. institusj.)	2 612	2 769	2 926	3 204	3 312	3 525	3 615	3645	3 478	33,2	0
Hedmark	194	233	260	296	348	404	423	434	444	128,8	194
Oppland	249	283	309	358	408	436	456	458	476	91,3	95
Buskerud	118	132	148	155	173	193	202	210	217	84,0	20
Vestfold	86	88	110	116	143	158	165	169	154	80,1	0
Telemark	204	212	238	262	293	308	334	357	333	63,3	6
Aust-Agder	98	112	126	143	167	177	180	207	189	92,0	91
Vest-Agder	338	380	420	485	521	553	616	750	771	128,4	909
Rogaland	238	254	274	295	334	364	379	397	411	72,9	983
Hordaland	519	560	596	640	690	746	771	789	784	51,1	55
Sogn og Fj.	248	265	296	319	410	442	472	492	529	113,5	0
Møre og R	211	226	245	263	290	309	335	364	386	82,9	0
Sør-Trøndelag	482	518	565	594	749	862	887	915	894	85,3	333
Nord-Tr.lag	178	199	230	263	322	335	361	385	406	128,7	0
Nordland	219	259	282	305	344	368	388	400	375	71,6	279
Nordland II; inkl. halvpart av Nasj.bibl	802	860	899	995	1 095	1 169	1 270	1321	1327	64,9	279
Troms	321	382	419	476	519	553	582	596	612	90,7	917
Finnmark	183	246	253	264	313	321	353	374	332	71,6	673
Landsgj.snitt	407	445	483	533	589	675	675	703	692	70,0	
Gjennomsnitt utanom Oslo	227	252	275	300	343	368	398	422	411	81,1	
Nord-Noregs midlar	122	153	171	184	228	259	273	288	294	141,0	
Nord-Noreg samla	369	451	494	5421	626	681	720	750	746	102,2	552
Ufordelt, alt. I	47%	46%	45%	44%	44%	42%	43%	42%	(41%)		
Ufordelt, alt. II	31%	30%	30%	29%	30%	29%	29%	30%	(30%)		

Kjelde: rekneark frå KUD

Når det gjeld fylka elles, er Hordaland på "førsteplass" i perioden 2005-2008 med størst løyvingar per innbyggjar. Frå 2009 vert "førsteplassen" klart overteken av Sør-Trøndelag, som synest å ha kome godt ut av museumsreforma (konsolideringa av musea) som trådte i

kraft dette året (bl.a. rock- og popmuseet Rockheim). På ”tredjeplass” følgjer Vest-Agder, deretter følgjer Troms. Desse tre fylka har vore “i teten” heile perioden. Hordaland har svakast vekst i løyving per innbyggjar av alle fylka, Oslo inklusive. Akershus, Østfold, Hedmark, Vest-Agder og Nord-Trøndelag har sterkast prosentvis vekst. Rogaland kjem overraskande langt nede på lista, med sine 411 statlege kulturkroner per innbyggjar i 2013. Dei tre nordnorske fylka kjem elles godt ut dersom vi inkluderer Nord-Noregsmidlane, som m.a. omfattar Landsdelsmusikarane i Nord-Noreg, Nordnorsk Opera og Symfoniorkester og Sametinget, som aleine utgjer vel 50 pst. av dei felles nordnorske kulturløyvingane.

Samla sett har fylka utanom Oslo i perioden 2005-2013 hatt ein vekst i dei statlege løyvingane til kulturformål på 81 pst. Veksten for Oslo har vore 53 pst, og berre 33 pst. dersom vi inkluderer institusjonar som Norsk kulturråd, Rikskonsertene osv. under Oslo (Oslo II i tabellen). Vi kan såleis eintydig konkludere med at Kulturløftet har medført ein relativt sterkare vekst i dei statlege kulturløyvingane i regionane enn i hovudstaden. Mange «utkantfylke» har hatt betydeleg vekst i dei statlege kulturløyvingane. Eit viktig bidrag til dette er at dei mange R/L-, R/D- og knutepunktinstitusjonane innanfor scenekunst og musikk har hatt klart større realvekst enn dei nasjonale institusjonane i Oslo (og i Bergen). Også på museumssektoren har veksten vore størst utanfor hovudstaden.

Høgre kolonnen i tabell 8 viser samla investeringsutgifter per innbyggjar for perioden 2005-11. Tre fylke merker seg her ut med dei største statlege investeringane; Rogaland, Troms og Vest-Agder. Dette gjeld det nye konserthuset i Stavanger, Hålogaland teater og Senter for nordlige folk i Tromsø og Kilden teater- og konserthus i Kristiansand. Det har i perioden ikkje vore statlege kulturinvesteringar i Oslo.

Film og samfunn/frivilligheit

I tabell 9 er løyvingane på filmområdet og området frivilligheit/samfunn fylkesfordelte for perioden 2005-2010. (Eg har ikkje fått tilfredsstillande tal for 2011-12).

Tabell 9 Fylkesfordelte utgifter film/samfunn/frivilligheit 2005-2010. Kroner per innbyggjar.

Fylke	2005	2006	2007	2008	2009	2010
Østfold	71	58	60	56	74	110
Akershus	31	21	27	30	42	105
Oslo	41	39	44	51	54	382
Hedmark	44	43	49	55	60	114
Oppland	54	43	49	56	81	92
Buskerud	30	32	42	47	47	101
Vestfold	27	26	32	36	39	79
Telemark	32	30	37	41	45	109
Aust-Agder	43	48	64	64	66	108
Vest-Agder	43	46	59	61	77	129
Rogaland	42	41	52	59	63	106
Hordaland	56	57	65	71	78	112
Sogn og Fjordane	63	60	77	82	88	129
Møre og Romsdal	41	43	53	59	58	101
Sør-Trøndelag	47	47	61	68	74	119
Nord-Trøndelag	51	46	56	62	66	100
Nordland	45	41	50	59	62	92
Troms	50	47	79	86	93	136
Finnmark	120	126	140	147	308	230
Totalt per innbyggjar	45	43	52	57	95	142
Samla sum (mill. kr)	205	195	238	264	308	552

Berre knapt halvparten av fylka har statsstøtta verksemd på filmområdet. Mesteparten av løyvingane på fylkesnivå i tabell 9 er derfor på området *frivillighet/samfunn*. Innanfor frivillighetsområdet er løyvingane delte på fordeling av Frifondmidlar, støtte til lokale Frivillighetssentralar og, frå 2010, momskompensasjon til frivillige organisasjonar. Dette året vart det, som ein del av Kulturløftet, innført ei momskompensasjonsordning for frivillige organisasjonar. Ein relativt stor del av midlane gjekk til Oslo. Det er elles relativt små skilje mellom fylka når det gjeld statleg løyving per innbyggjar på desse områda (løyvingane til Norsk filminstitutt er ikkje med). Utgiftene per innbyggjar er størst for Finnmark. Den sterke auken her i 2009 og 2010 skuldast at det vart sett av nye midlar til ein norsk-russisk kulturstrategi.

Tabell 10 viser den regionale fordelinga av statlege filmløyvingar.

Tabell 10 Regionale filmløyvingar 2005-2013. 1000 kroner.

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Filmsenter:									
Vestnorsk, Bergen	3 500	4 200	4 350	4 479	6 479	6 544	7 229	8 267	8200
Midnorsk, Trondheim	750	1 524	1 540	2 500	4 000	5 065	4 750	4 750	5000
Nordnorsk, Honningsvåg	5 416	5 989	6 217	6 217	8 217	8 282	8 217	8 217	8200
Østnorsk, Lillehammer				1 000	2 000	2 065	2 000	3 872	4000
Filmkraft, Stavanger				1 000	2 000	3 065	3 500	4 757	4700
Sørnorsk, Kristiansand				1 000	2 000	3 065	3 800	4 517	4500
Viken, Drammen							3 211	4 100	5300
Samisk, Kautokeino					1 500	2 565	2 500	2 763	3051
Sum	9 666	11 713	12 107	16 196	26 196	30 651	35 207	41 243	42951
Filmfond:									
Film 3, Lillehammer	2 000	2 464	2 520	2 500	2 500	2 500	2 500	2 500	2500
Fuzz, Bergen	2 000	2 464	2 520	2 500	2 500	2 500	2 500	2 500	2500
Midnorsk, Trondheim			1 000	1 000	1 000	542	1 000	1 000	1000
Filmkraft Rogaland, Stavanger			1 500	2 000	2 000	2 000	2 000	2 000	2000
Filmcamp, Skjold i Målselv			2 509	2 500	2 500	2 500	2 500	2 500	2500
Sum	4 000	4 928	10 049	10 500	10 500	10 042	10 500	10 500	10500
Infrastruktur:									
Medieparken i Østfold	750	1 524	1 540						
Mediefabrikken i Akershus					600	792	600		
Sum reg. filmløyvingar	14 416	18 165	23 696	26 696	37 296	41 485	46 307	51 743	53451
Filmløyvingar i alt	446201	494093	528748	558708	603150	627498	669387	707799	714717
Regionale løyvingar i pst.	3,2 %	3,7 %	4,5 %	4,8 %	6,2 %	6,6 %	6,9 %	7,3 %	7,2 %

Løyvingane til regional filmverksemd var i 2005 vel 14 mill. kroner, eller 3,2 pst av samla løyving. I 2013 vart det sett av knapt 53,5 mill. kroner til regional filmsatsing. Det utgjorde 7,2 pst. av samla løyving. I same perioden auka avsetjinga til det sentrale Norsk filmfond frå 213 til 436,5 mill. kroner, ein auke på 223 mill. kroner eller 105 pst.

I løpet av perioden har det vorte etablert regionale filmtiltak og -miljø fleire stader i landet, også på stader utanfor dei regionale sentra. Det nordnorske filmsenteret i Honningsvåg i Finnmark er no vedteke flytta til Tromsø. Regionale filmløyvingar utgjer ein (svakt) aukande del av dei samla løyvingane til filmområdet, men andelen er i 2013 ikkje meir enn 7,2 pst. Det er Vestnorsk og Nordnorsk filmsenter som har fått størst løyving i perioden. Det har ikkje vore realvekst i løyvingane til dei regionale filmfonda siste fem åra.

6. Fordeling innanfor dei enkelte kulturområda

Kulturbudsjettet har vakse kraftig i den perioden vi ser på, særleg på områda musikk, scenekunst og museum/kulturvern. Dei to sistnemnde område er prega av mange og til dels store og kostnadskrevjande institusjonar. På museumsfeltet er det i løpet av perioden også gjennomført ei omfattande reform, der talet på museum i landet har vorte redusert frå ca. 340 til under 100 konsoliderte einingar.

Det vi så langt kan seie, er at Kulturløftet synest å ha hatt ein viss regional profil, i og med at det har vore ein forholdsvis sterkare vekst i dei statlege løyvingane til kulturtiltak som er lokalisert i regionane enn til tiltak som held til i Oslo. Dette indikerer òg at mesteparten av veksten i løyvingane ikkje primært har gått til dei tunge kulturinstitusjonane, som i hovudsak held til i Oslo. Men er det først og fremst dei (andre) tunge institusjonane som har nytt godt av veksten i dei statlege løyvingane, har veksten gitt seg utslag i mange nye institusjonar og tiltak eller finst det kanskje ikkje noko eintydig mønster i veksten innanfor dei ulike kulturområda? Lat oss derfor sjå litt nærare på dei enkelte kulturområda. Vi startar med det kanskje mest uoversiktlege, nemleg musikkfeltet.

Musikkfeltet

For 2013 er det sett av vel 1,1 mrd. kroner til musikkformål. Største enkelttiltaket på musikkapitlet i budsjettet er Rikskonsertene med eit løyvingsforslag på 160 mill. kroner for 2013. Deretter følgjer Oslo-filharmonien med 137 mill. og Bergen Filharmoniske Orkester med 115 mill. kroner. Dei same institusjonane utgjorde i 2005 også dei tre største enkeltbidrag på musikkbudsjettet. I 2005 utgjorde utgiftene til desse tre institusjonane 45 pst av totalbudsjettet på musikkapitlet. I 2013 var denne delen gått ned til 36 pst. Tabellen nedanfor viser utviklinga for ulike typar institusjonar og tiltak på musikkområdet

Tabell 11 *Fordeling av løyvingar på musikkfeltet 2005-2012. Prosent.*

Type institusjon	2 005	2 006	2 007	2 008	2 009	2 010	2 011	2 012	2013
Nasjonale institusjonar	45,0	43,6	42,5	40,9	38,9	37,5	37,6	35,3	36,4
Region-/landsdelsinst.	19,8	18,9	18,7	19,7	19,1	21,6	21,6	22,7	20,7
Knutepunktsinstitusjonar	4,9	5,5	5,6	6,6	6,6	6,3	6,2	6,4	6,8
Kap 323, post 55	11,1	11,8	12,0	11,8	12,5	12,4	12,4	12,7	13,7
Kap 323, post 56	-	-	-	-	-	-	1,8	1,8	2,8
Kap 320, post 74	12,1	10,8	10,1	10,7	11,9	11,2	10,0	10,1	10,6*
Kap 323, post 78	4,6	8,3	9,9	8,6	9,1	9,3	8,6	9,3	9,1
Anna	2,3	1,2	1,1	1,8	0,9	0,7	1,4	0,7	-
I alt	100	100	100	100	100	100	100	100	100
Grunnlag/samla løyving (1000 kroner)	591 595	656 891	721 106	795 194	916 492	1 015 403	1 070 738	1 133 377	1 136 700

(*post 74 er p.t. ikkje fordelt på formål. Eg har gjort eit anslag)

Dei nasjonale institusjonane (Oslo-Filharmonien, Stiftelsen Harmonien og Rikskonsertane) sin prosentdel av musikkbudsjettet har vorte redusert med nesten 10 prosentpoeng, medan region-/landsdelsinstitusjonane sin del har auka med 3 prosentpoeng. I denne gruppa finn vi i dag Symfoniorkestera i Trondheim, Kristiansand og Stavanger og Det Norske Blåseensemblet, som alle fire har vore i denne kategorien heile perioden. I tillegg har vi også Nordnorsk Opera og Symfoniorkester, som vart etablert i frå 2010 med basis i Tromsø symfoniorkester, som alt var på denne budsjettposten, samt Bodø Sinfionetta, Opera Nord og Musikkteatret i Bodø. Budsjettveksten for desse fem institusjonane har vore betydeleg

sterkare enn for dei nasjonale institusjonane. (Når R/L institusjonane sin del av løyvingane har gått tilbake i 2013, har dette med ei budsjettendring å gjere. Frå 2013 er nemleg tilskotet til Kristiansand symfoniorkester flytta frå kap. 323, post 71 til kap. 324, post 71 (Scenekunstkapitlet), og går no under det samla tilskotet til Kilden Teater og Konserthus for Sørlandet. Rikskonsertane har elles hatt klart svakast vekst av alle institusjonane i desse to kategoriane.

Knutepunktsinstitusjonane på feltet har i perioden auka frå 5 til heile 12, med Norsk Country Treff på Breim i Nordfjord som den sist tilkomne. Det seier seg sjølv at dette får budsjettmessige konsekvensar på denne posten. Men alle dei nye knutepunktsinstitusjonane har vore inne i tilskotsordningar tidlegare, enten i KUD eller i Kulturrådet. Av dei etablerte knutepunktinstitusjonane merkjer Førde Internasjonale Folkemusikkfestival seg ut med ein særleg sterk budsjettvekst i perioden, rundt 150 prosent. Deretter følgjer Olavsdagene i Trondheim med ca. 100 prosent.

Slår vi saman dei tre *institusjonelle* kategoriane vi har nemnt, får dei no ca. 65 prosent av løyvingane til musikk. I 2005 hadde dei 70 prosent av løyvingane. Eit mylder av meir eller mindre etablerte institusjonar og tiltak har i perioden reist med dei resterande 30-35 pst av pengane til musikkformål. Dei ikkje-institusjonaliserte tiltaka har auka sin del av løyvinga med fem prosentpoeng. Men kan vi finne noko mønster her, i mylderet av tiltak, som har vore offer for skiftande ”tekniske endringar” og blitt flytta mellom fleire budsjettposter i og utanom departementet? Det er vanskeleg å følgje alle desse tiltaka gjennom perioden. Til det har endringane på dette området vore i største laget.

Som nemnt skjedde det store endringar i 2011 då fleire musikktiltak vart førte over til ein ny post 56, kap. 323 (Norsk kulturfond). Posten heiter Norsk kulturfond, fleirårig prosjektilskot. I alt 13 musikktiltak vart i 2011 førte over til denne nye posten, med eit tilskot på til saman 22 mill. kroner. I hovudsak galdt dette mindre klassiske ensemble, kor og festivalar. Den tidlegare kap. 323.55 vart frå no nytta til eittårige tiltak, men delar av løyvinga her kunne førast over til fleirårige tiltak. På post 55 vert det gitt tilskot til musikkfestivalar, mindre musikkensemble, arrangørstøtte osv. Summen var i 2012 144 mill. kroner. Departementet set av no éin pott til formålet. Potten vert disponert av Norsk kulturråd. For 2013 er denne posten gitt ein realauke på 7 mill. kroner, inkl. 3 mill. til auka festivalstøtte. Med desse endringane tok ein nok eit steg i retning av større profesjonalisering og høgare kvalitet i fleire delar av musikklivet i Noreg. Ikkje minst er nivået svært høgt på dei ensemble og kora som no får fleirårig støtte på post 56. Omlegginga i 2011 var grunngeven med behovet for å få til ei betre arbeidsdeling mellom departementet og Kulturrådet. Og Kulturrådet, som også har vorte endra, tek sine avgjerder på eit kunstfagleg grunnlag.

Under post 74, kap. 320 vert det sett av midlar til ei rekkje ulike tiltak på musikk sida, i alt 114 mill. kroner for 2012 (for 2013 er endeleg tildeling ikkje klar). Men på denne posten har realendringane vore relativt beskjedne heile perioden. Unntaket her er ulike satsingar på tilskot til rytmisk musikk, m.a. kompetansesentra for rytmisk musikk (2009, 2010) og ei utstysrordning for (rytmisk) musikk (2009). Tilskota til musikkverkstadordninga og NorgesNettet gjekk då inn i denne ordninga. Dette var ein del av oppfølginga av stortingsmeldinga *Samspill – Et løft for rytmisk musikk*.

Under post 78, kap. 323 vert det sett av midlar til ymse faste tiltak på musikkområdet. Også denne posten vart omfatta av (store) tekniske endringar i 2011, då ei rekkje tiltak vart flytte frå post 78 til andre postar/kapittel. I perioden 2005-10 var det her størst realauke her når det

galdt den nye Riksscenen for folkemusikk og folkedans (18 mill.) Norsk jazzforum, Nasjonal jazzscene, Norsk Musikkinformasjon – MIC (alle rundt 8 mill.), og Arctic Orchestra (seinare Nordnorsk Opera og Symfoniorkester) og Det Norske Kammerorkester (begge 6 mill.). Frå 2011 -2013 har det berre vore små realendringar av tiltaka på denne posten. Perioden under eitt er det organiserte tiltak innanfor den rytmiske musikken som har vorte mest tilgodesett med auka løyvingar saman med nokre tiltak innanfor klassisk musikk. For 2011 vart det sett av 1,5 mill. kroner i ei nysatsing på korfeltet. For 2013 får Riksscenen for folkemusikk og folkedans (1 mill.) og Rock City Namsos (1,9 mill.) størst vekst på denne posten.

Oppsummering

Musikk er eit vidt felt, som har vore eit prioritert område i Kulturløftet. Det talmaterialet eg har til disposisjon, gjer det vanskeleg å trekkje eintydige konklusjonar om særlege satsingar eller klart prioriterte område eller sjangrar i perioden 2005-12. Breidde har i tilfelle vorte prioritert framfor spissing. Den sterke utvidinga av talet på knutepunktinstitusjonar innanfor mange musikalske område er eit vitnemål om dette.

Innanfor den klassiske sjangeren er det gitt prioritet til fast etablering av fleire mindre ensemble, kor og eit par festivalar. Det har vorte, særleg i 2009, sett av betydelege midlar til ulike typar tilskotsordningar til rytmisk musikk, og til etablering av organiserte scener både for folkemusikk/dans og jazz. Dei heilstatleg finansierte symfoniorkestra i Oslo og Bergen har hatt jamleg, men svak realvekst i perioden 2006-11 (Oslo) og 2006-10 (Bergen). Den sterke veksten i andre delar av musikklivet gjer at desse to institusjonane, saman med Rikskonsertene, som òg har ein svak realvekst, no legg beslag på rundt 10 prosentpoeng mindre av den samla løyvinga til musikkformål i 2012 enn i 2005. Realveksten synest særleg å ha gått til R/L-institusjonar, knutepunktinstitusjonar og til fleire tiltak innanfor det rytmiske musikklivet, både institusjonar og arrangør- og utstyrsordningar.

Scenekunstfeltet

Scenekunstfeltet omfattar teater, opera og dans, og er det største enkeltkapitlet i det statlege kulturbudsjettet. For 2013 er det sett av i alt vel 1,8 mrd. kroner til dette formålet. Det utgjer om lag 27 pst av dei samla utgiftene til kulturformål. I 2005 var denne andelen 25 pst. Den desidert største enkeltposten på scenekunstabudsjettet er Den Norske Opera og Ballett. For 2013 er det sett av 557 mill. kroner til denne institusjonen. Det er 30 pst. av det samla budsjettet for scenekunst. Dei tre fullt ut statleg finansierte teatra, Nationaltheatret, Det Norske Teatret og Den Nationale Scene, er for 2013 budsjetterte med i alt 434 mill. kroner. Det er desse tre institusjonane vi i tabellen nedanfor har kalla ”nasjonale institusjonar”. Tabell 12 viser kor stor del dei ulike typar institusjonar og postar har utgjort av dei samla løyvingane til scenekunst kvart år i perioden vår.

Den Norske Opera og Ballett utgjer ein veksande del av scenekunstabudsjettet. I perioden 2005 til 2013 har prosentdelen vakse frå ca. 25 til knapt 30 pst. Dei tre nasjonale teaterinstitusjonane har derimot fått sin del av budsjettet betydeleg redusert, frå 32 til nesten 23 prosent. Også Riksteatrets prosentdel har vorte redusert. Prosentdelen til R/L-institusjonane var uendra fram til 2012, men vaks i 2014, hovudsakleg som resultat av budsjettendringa vi omtalte ovanfor (for Kilden). I 2005 utgjorde dei fem institusjonskategoriane 89 pst. av det samla statlege scenekunstabudsjettet. I 2012 var denne delen redusert til 85 pst.

Tabell 12 *Fordeling av løyvingar på scenekunsthfeltet 2005-2013. Prosent.*

Type institusjon	2 005	2 006	2007	2 008	2 009	2 010	2 011	2 012	2013
DNOB	25,1	25,5	24,0	27,6	27,7	28,6	29,7	29,5	29,6
Nasjonale institusjonar	31,9	30,2	31,0	27,6	26,1	25,2	24,8	24,4	23,2
Region-/landsdelsinst.	20,8	21,0	20,7	20,3	19,9	19,9	19,9	20,3	23,1
Region-/distriktsopera	2,0	2,3	2,4	2,6	3,1	2,8	2,7	2,9	2,6
Riksteatret	9,4	9,1	8,7	8,5	8,4	8,1	7,9	7,7	7,1
Dans	1,1	1,8	2,3	2,9	3,1	3,0	-	-	-
Kap 324, post 78	3,0	3,4	3,7	3,6	4,4	6,0	8,2	8,3	7,5
Kap 320, post 74	2,7	2,3	2,9	2,4	2,9	1,4	0,8	0,8	0,9*
Kap 324, post 55	4,0	4,4	4,3	4,5	4,4	5,0	5,1	5,2	5,1
Kap 324, post 56	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,9	0,9	0,9
SUM	100	100	100	100	100	100	100	100	100
Grunnlag/ samla løyving (1000 kroner)	952 883	1 026 412	1 124 103	1 252 866	1 396 706	1 542 382	1 642 412	1 727 789	1 829 160

(*post 74 er p.t. ikkje fordelt på formål. Eg har gjort eit anslag)

Det som i departementets språkbruk vert kalla *region-/landsdelsinstitusjonar* omfattar i alt 13 scenekunstinstitusjonar. Danseinstitusjonen Carte Blanche er éin av desse. Dei største teatra i kategorien er Trøndelag Teater og Rogaland Teater. Som tabell 12 viser, har denne gruppa utgjort rundt 20 pst. av løyvingane over scenekunsthbudsjettet heile perioden (sett vekk frå 2013). 12 av dei 13 institusjonane har vore på lista heile perioden. Den einaste nykommar er Nord-Trøndelag Teater, som kom inn i denne kategorien i 2008. Institusjonane her hadde (svak) realvekst på budsjettet i kvart år i perioden 2005-10, med 5 pst. av alle realendringar. I perioden 2011-12 har Agder Teater fått sterk realvekst, og det har vore ein bra realauke for Teatret Vårt i Molde, og mindre auke for tre andre institusjonar. For fleirtalet av institusjonane har det i budsjettet 2011-13 ikkje vorte lagt inn realauke.

Mens det er 10 *knutepunktsinstitusjonar* på musikkapitlet, er det berre éin slik institusjon på scenekunsthområdet. Det er Peer Gynt-stemnet, som fekk denne statusen i 2008. Institusjonen er tilgodesett med ei løyving på 3,86 mill. kroner i 2013, ein vekst frå 2,55 mill. i 2008. Realveksten har vore beskjeden desse åra. Vi har inkludert denne i R/L-kategorien i tabellen.

På scenekunsthbudsjettet står det i dag heile 11 *region- og distriktsoperatiltak*. Åtte av desse var på budsjettet alt før 2005. Dei tre tilkomne er Den Nye Opera (inkl. Ad Opera) (2006), Oscarborgsoperaen (2010) og Opera Østfold (2009). I 2005 stod òg to operatiltak i Bergen på dette budsjettkapitlet. Begge to vart i 2007 og 2008 førte over til Den Nye Opera. Region- og distriktsopera utgjør i dag rundt 3 pst. av utgiftene til scenekunst. Dei fekk 2 pst. av realauken i budsjettet 2005-10, halvparten av dette til Den Nye Opera. Realveksten har halde fram også i 2011-13. Tilskot til operaverksemda i Nord-Noreg og Trondheim vert gitt gjennom Nordnorsk Opera og Symfoniorkester og Trondheim Symfoniorkester over musikkapitlet.

Fram til 2011 var dei fleste *dansetiltaka* samla under éin budsjettpost, post 75. I samband med budsjettomlegginga dette året vart tilskota under denne posten vidareførte under post 78 Ymse tiltak, post 56 Fleirårige prosjektilskot og under post 74 (kap 320). Eg har i tabell 11 ikkje skilt ut dansen for åra 2011-13. I perioden 2005-10 auka danseløyvingane på post 75 frå vel 10 mill. kroner til om lag 46 mill. kroner i 2010, og talet på tilskotspartar gjekk opp frå 5 til 8. Realendringane i perioden var 35 mill. kroner. Dansens Hus var største tilskotspart med 31 mill. kroner, og hadde også 31 av dei 35 mill. realvekstkronene. Dansetiltaka har vorte førte

vidare på dei nye postane. Dansens Hus fekk ein realauke på 0,5 mill. kroner for 2011, medan Dansearena Nord fekk ein realauke på same beløp i 2012. Dans står no for om lag 3 pst, av scenekunstabudsjettet. Om vi i tillegg tek med R/L-institusjonen Carte Blanche, vil andelen auke til vel 5 prosent. Carte Blanche har ein god realvekst i budsjettet fram til 2010, og ein mindre vekst i 2011 og 2013.

Post 55 i scenekunstabudsjettet forvaltar fleire tilskotsordningar; for fri scenekunst, for dans, for ny norsk dramatik, for gjestespel, for å styrkje dansemiljø og ei basisordning for fri scenekunst. Av tabell 12 går det fram at denne posten har auka sin del av budsjettet frå 4 til 5,2 pst i perioden 2005-2012. Fordelinga på dei ulike tiltaka på posten er ikkje tilgjengeleg for åra 2005-07, og frå 2011 er det igjen Kulturrådet som føretek tildelingane til dei ulike formåla. I 2010 utgjorde tilskotsordningane for fri scenekunst og for dans 27 og 21 mill. kroner kvar, medan basisordninga for fri scenekunst utgjorde 15 mill. kroner. Til saman stod desse for 82 pst. av tilskota. I 2011 auka Kulturrådet tilskotet for dans med tre mill. kroner. Realveksten har halde fram både i 2012 og 2013. Den har vore vel 18 mill. kroner i perioden 2008-13.

Post 56 på scenekunst har åtte tiltak, tre av desse er dansetiltak som vart overførte frå post 75, dans. Posten er liten, og omfatta i 2012 mindre tiltak til i alt 16 mill. kroner. Ingen av tiltaka hadde realvekst i 2011-13

Post 74 (kap. 320) er ein ymsepost som det har vore scenekunsttiltak inn og ut av gjennom heile perioden. Per 2012 er det 11 tiltak som får støtte over denne posten, med i alt 14,3 mill kroner. 22 tiltak har vore innom posten i perioden. I 2012 er det Grenland Friteater og Tilskotsordninga for historiske spel/friluftsspel som er dei største tilskotspartane, med 5 og 3,5 mill. kroner. Fleire av tiltaka som har vore innom posten har seinare vorte faste institusjonar, og overførte til post 78. Post 74 består òg av ein del faste tiltak, som vert forvalta av Norsk kulturråd. Det er vanskeleg å seie noko klart om tendensar med basis i denne posten. Fordelingane for 2013 er ikkje gjort for post 74 enno.

Post 78 Ymse faste tiltak omfattar no 14 ulike tiltak/institusjonar, 9 av desse var på post 78 også i 2006. Dei fleste av desse er fast etablerte institusjonar eller organisasjonar. Dansens Hus er største enkelttiltak med eit tilskot på 33,5 mill. kroner i 2012. Heile posten er på 143 mill. kroner. Endringane på posten i 2011 (og 2012) avspeglar ønsket om å gi fleire institusjonar og organisasjonar innan scenekunst, som har halde det gåande i mange år, ei fastare budsjettforankring. Dette galdt m.a. Dansens Hus, Danse- og Teatersentrum, Nordic Black Theatre og tiltak som Danseinformasjonen og Skuespiller- og dansealliansen (nytt tiltak i 2012). Posten har i mange år vore "fast tilhaldsstad" for tiltak som mellom anna Akershus Teater, BIT teatergarasjen, Brageteateret, Black Box Teater, Teater MANU, Norsk Scenekunstbruk og Norsk teaterråd. Dei fire førstnemnde institusjonane har hatt relativt sterk realvekst i perioden.

Oppsummering

Også scenekunst kjem godt ut av Kulturløftet. Området består av ei rekkje store, til dels svært store, institusjonar og ei mengd små og mindre tiltak, både innanfor teater, opera og dans. Alle ønskjer å verte tilgodesett med løyvingar frå Kulturdepartementet. Gjennomgangen ovanfor viser, som for musikkfeltet, at det på grunnlag av det talmaterialet eg har til disposisjon, ikkje er heilt lett å trekkje sikre konklusjonar om prioriteringar og val i budsjettet.

Den sterke institusjonaliseringa av feltet fører til at ein stor del av løyvingane går til faste institusjonar. I 2005 gjekk 89 pst. av løyvingane til dei fem første kategoriane i tabell 11, dvs. til dei faste institusjonane. Denne andelen var redusert til 85 pst. i 2012. Dette indikerer at det er mindre institusjonar og prosjekt som har fått relativt størst auke i løyvingane på scenekunstheltet. Men realiseringa av Den Norske Opera og Ballett har lagt beslag på store realressursar på feltet.

Dansen hadde, relativt sett, nokre gode år, fram til og med 2010. Omlegging av budsjetteringa gjer det vanskelegare å trekkje sikre konklusjonar etter den tid. Men veksten har halde fram, om enn i eit litt svakare tempo, med særleg styrking av tiltak for profesjonell dans og dansarar. Dansetiltaka, inklusive Carte Blanche, utgjer vel 5 pst. av løyvingane til scenekunst. Også ein del mindre teaterinstitusjonar/-tiltak, både på post 74 og post 78 har fått god realvekst. Det same gjeld òg tilskotsordningane for fri scenekunst og dans.

Mange av tiltaka på post 78 og post 56 driv ei verksemd som er institusjonalisert. Dei ber preg av å vere institusjonar som supplerer og utfyller dei faste institusjonane, og som, truleg, rettar sin aktivitet inn mot andre og nye publikumsgrupper. Det er naturleg at ein aukande del av det store scenekunstheltet går til denne type tiltak og aktivitetar. Det er òg naturleg at desse i sin tur får ein fastare plass på budsjettet. Så kan ein, kanskje med rette, stille spørsmål ved kor mange prosjekt, som etter noko tid har vore finansierte over ein kortsiktig budsjettpost, i neste omgang skal over til ein meir fast budsjettpost, for så til sist å hamne på ein av institusjonspostane på budsjettet. I dette ligg eit reelt kulturpolitisk dilemma. Det er mest merkbart på scenekunstheltet.

Biletkunst og kunsthandverk

Dette er eit relativt lite felt, i kroner og øre, samanlikna med musikk- og scenekunstheltet. Feltet har heller ikkje same rigide strukturen med ulike typar institusjonar; nasjonale, regionale, knutepunkt osv. Det tidlegare Riksgalleriet, seinare Riksutstillingar, vart i 2005 ein del av Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design, som i sin tur vart oppretta i 2003 gjennom ei samanslåing av Nasjonalgalleriet, Kunstindustrimuseet i Oslo, Museet for samtidskunst og Arkitekturmuseet. Dei regionale kunstmusea var fram til 2005 ein del av budsjettkapitlet for biletkunst og kunsthandverk, men vart frå 2006 førte over til museumskapitlet (kap. 328, post 78). Det same skjedde med Henie Onstad Kunstsenter frå 2008.

Tabell 13 *Fordeling av løyvingar på biletkunstheltet 2005-2012. Prosent*

	2 005	2 006	2 007	2 008	2 009	2 010	2 011	2 012	2013
Nasjonalmuseet	55,7	55,6	56,0	60,9	58,0	56,3	59,5	59,4	57,0
Nordnorsk kunst.senter	0,6	0,7	0,8	1,0	1,2	1,2	1,3	1,3	1,3
Henie/Onstad	1,9	1,9	2,0	-	-	-	-	-	-
KORO	5,4	7,1	6,1	6,5	7,1	7,3	7,7	7,7	8,7
Post 55 + post 75	21,1	20,1	19,7	15,5	16,1	16,8	14,3	14,2	14,7
Post 74 (kap 320)	1,4	1,9	1,9	1,7	2,0	2,0	8,2	8,3	9,2*
Post 78	14,0	12,8	13,6	14,3	15,6	16,4	9,0	9,2	9,1
SUM	100	100	100	100	100	100	100	100	100
Grunnlag/samla løyving (1000 kroner)	304 000	330 654	354 995	362 800	402 970	434 934	423 934	438 120	479 400

(*post 74 er p.t. ikkje fordelt på formål. Eg har gjort eit anslag)

Nasjonalmuseet har sidan 2005 utgjort mellom 55,6 og 60,9 pst. av totalbudsjettet på dette formålet. I 2012 er prosentdelen 59,4, jf. tabell 13, men gjekk tilbake til 57 pst. i 2013. I

tillegg til denne eine store nasjonale institusjonen, har Nordnorsk kunstnersenter i Svolvær status som knutepunktinstitusjon.

Tabell 12 inkluderer òg løyvingar som går over budsjettet til Norsk kulturråd, særleg post 74, men òg nokre andre småpostar; m.a. Rom for kunst, inkludert i linja for post 55 + post 75.

Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design er den alt dominerande institusjonen både i kunstlivet og på statsbudsjettet. Opp mot 60 prosent av dei samla kunstløyvingane går til denne institusjonen. I perioden 2005-2010 gjekk òg 73 pst. av realendringane (netto) på budsjettkapittel 322 til denne institusjonen. I 2011 og 2012 vart det derimot ikkje lagt inn realendringar til Nasjonalmuseet i budsjettet. Men om dette, og andre reduksjonar av realveksten i 2011 og 2012, skuldast medvitne prioriteringar eller ein viss reduksjon i budsjettveksten, er vanskeleg å seie. For 2013 er det lagt inn ein realvekst (4 mill. kroner) øyremerk Munchjubileet. Knutepunktinstitusjonen, Nordnorsk kunstnersenter i Lofoten, har auka sin del av budsjettet. Institusjonen reiste med 5 pst. av realveksten (netto) i budsjettet 2005-2010, men heller ikkje her vart det realvekst i 2011-2013.

Kunst i det offentlege rom/KORO har auka sin prosentdel av budsjettet med eit par prosentpoeng. Prosenttala i tabellen er basert både på lønns-/driftsutgifter til KORO og til sjølve ordningane under KORO. Det var i perioden 2005-2010 sterk vekst i løyvingane her; heile 21 prosent av realveksten på kapittel 322 gjekk til å styrke ordningane under KORO. Ingen vekst på dette området i åra 2011-13.

Post 55 inneheld stønadsordningar til ulike typar prosjekt, utstyr, festivalar og utstillingsstøtte til kunstnarar i startfasen. Det er underposten "Ymse tiltak" som her er størst (15 mill i 2010) og har vakse sterkast. På denne posten har det vore ein bra realvekst også i 2011, 2012 og særleg i 2013 (4,3 mill.). *Post 75* omfattar støtte til Norsk Form og nokre andre tiltak og instansar innanfor design og arkitektur. Løyvinga til Norsk Form utgjer i 2012 85 prosent av samla løyving på posten (33 mill). Prosentdelen var høgare før. Ein del nye tiltak vart tilført posten ved budsjettomlegginga i 2011. For 2013 er det lagt inn vel 4 mill. kroner til ei styrking av ei arrangørstøtteordning og eit støtteordning for fotobøker.

Post 74 (kap 320) inneheld likt og ulikt. Veksten i posten i 2011 skuldast at støtta til ei rekkje organisasjonar på feltet vart førte over hit frå post 78. *Post 78* inneheld no berre støtte til ein del mellomstore organisasjonar og tiltak, m.a. Bergen Kunsthall, Kunsternes Hus, Statens Kunstutstilling og, største posten, Office for Contemporary Art (OCA), (11,5 mill. kroner i 2012). Av desse institusjonane har Bergen Kunsthall hatt sterkast realvekst gjennom heile perioden, med over 7 mill. kroner. Også ein del andre institusjonar utanfor Oslo har fått bra realvekst; det gjeld Nordisk kunstnersenter i Dale (SogFj) og Vestfossen Kunstlaboratorium. Kontoret for samtidskunst har òg vorte bygd opp ved hjelp av solid budsjettauke.

Oppsummering

Departementet har brukt mykje midlar til utvikling og styrking av Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design, særleg i perioden fram til 2010. Også ordningane under KORO har vorte styrkte. Det same gjeld nokre kunstnstitusjonar utanfor Oslo, særleg Bergen Kunsthall. Oslo-andelen på dette feltet er likevel svært stor. Det har vore merkbar svakare budsjettvekst i 2011 og 2012 for heile feltet, men budsjettet vart styrkt igjen i 2013, med basis i stortingsmeldinga «Visuell kunst», som vart lagt fram våren 2012.

Museum og kulturvern

Dette budsjettkapitlet er i all hovudsak eit museumskapittel. Dei statleg støtta musea under dette kapitlet er spreidde over heile landet. Arbeidet har i perioden vore dominert av den såkalla museumsreforma, med etablering av eit nasjonalt museumsnettverk. 340 tidlegare sjølvstendige einingar gjekk i løpet av reforma saman til 97 konsoliderte einingar.

Siste åra har vel 93 prosent av løyvinga på dette kapitlet gått til museumsinstitusjonane rundt om i landet. Museumsstrukturen i Noreg er sterkt desentralisert. Oslomusea fekk såleis i 2012 (berre) 15,8 pst. av løyvingane til musea. I 2005 var denne delen 17,5 pst.

Tabell 14 *Fordeling av løyvingar på museumsfeltet 2005-2012. Prosent.*

Post/institusjon	2 005	2 006	2 007	2 008	2 009	2 010	2 011	2 012	2013
Alle musea i museumsnettverket	79,9	82,9	85,0	85,1	91,9	92,4	93,2	93,6	93,5
Post 55	3,0	2,5	1,2	1,2	1,4	1,1	1,1	1,0	1,0
Post 74	0,6	0,6	0,1	0,1	0,0	0,0	3,6	2,2	2,2*
Post 78	6,7	5,5	5,7	6,4	6,7	6,5	2,1	3,2	3,3
Anna	9,9	8,4	8,1	7,3	-	-	-	-	-
SUM	100	100	100	100	100	100	100	100	100
Grunnlag/samla løyving (1000 kroner)	525 917	629 381	679 376	747 384	809 353	871 916	921 928	970 319	1 026 400

(*post 74 er p.t. ikkje fordelt på formål. Eg har gjort eit anslag)

Når det gjeld dei andre postane på museumssektoren, er tiltaka som høyrer heime på desse, fordelte etter same system som på dei andre sektorane vi alt har sett på, slik omlegginga av budsjettet sørgde for i 2011. På post 78 har det heile perioden vorte gitt tilskot til skuleskipa, til Skibladder og til Jødisk Museum, medan tilskota til Vitensentra ulike stader i landet er flytta over til post 74. Det gjeld også tilskota til nokre frivillige organisasjonar og samanslutningar på feltet.

Oppsummering

Å danne seg eit godt fundert oversyn over kva for museum, kva for type museum osv. som budsjettmessig har kome godt eller dårleg ut av museumsreforma og utviklinga etter den, er eit arbeid eg meiner fell utanfor rammene for dette arbeidet. Det vil krevje eit meir detaljert studium av budsjettproposisjonane, og anna materiale, enn det er ressursar til i mitt prosjekt. På grunn av dei mange fusjonane er det òg vanskeleg å lage seg eit tilfredsstillande oversyn over kva for museum som har hatt store og små realendingar i budsjettet, og ut frå dette danne seg eit mogleg mønster i endringane.

Vi har sett (jf. tabell 7) at det har vore stor (real)vekst innanfor museum/kulturvern i perioden. Saman med musikk- og scenekunstrådet peikar museum seg ut som det klarast prioriterte området i Kulturløftet. 95 pst av (netto) realendingar (296 mill. kroner) på dette feltet i perioden 2005-10 kan godskrivast musea rundt om i landet. Berre knapt 5 pst. av desse endringane skjedde innanfor postar som høyrer til ymsepostane i denne kategorien. Når det gjeld fordelinga av realveksten på dette feltet, viser eg til gjennomgangen av realveksten i Kulturløftet i del 2 av dette arbeidet.

Også på “ymsepostane” har det vore ein viss realauke i løyvingane, men på museumsområdet har nesten alle ressursane i perioden gått til arbeidet med den store museumsreforma og den påfølgjande konsolideringa av dei nye museumsinstitusjonane rundt om i heile landet. Også på dette området har det vore ein viss distriktsprofil i fordelinga av veksten.

Språk/litteratur/bibliotek

Hovudposten på dette budsjettkapitlet er Nasjonalbiblioteket, som fordeler sin aktivitet mellom Oslo og Mo i Rana. 56 pst. av budsjettet til dette formålet (inklusive post 74, kap. 320) er for 2013 sett av til Nasjonalbiblioteket. Det er same prosentdelen som i 2005. Også Språkrådet og Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek (NLB) får sine statlege pengar over dette budsjettkapitlet. Medrekna desse to er ”institusjonsdelen” av budsjettet i 2013 65,7pst. Auken i 2013 når det gjeld Nasjonalbibliotekets andel av budsjettet, er delvis budsjett-teknisk (ny post 80), men inneber òg ei reell styrking til ymse bibliotek- og litteraturrelaterte tiltak ved Nasjonalbiblioteket.

Tabell 15 *Fordeling av løyvingar – språk/litteratur/bibliotek 2005-2012. Prosent*

Formål/post	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Nasjonalbiblioteket	55,8	52,3	52,2	51,2	50,1	49,9	51,1	51,4	56,3
Andre institusjonar	10,3	10,1	10,4	9,8	10,0	9,8	9,5	9,3	9,4
Litteraturordningar	16,1	16,7	17,5	19,8	19,7	19,8	18,9	18,8	18,5
Post 74 og 78	13,9	16,9	15,1	14,3	14,5	14,9	13,7	13,6	8,1*
Andre formål	3,9	4,0	4,8	5,0	5,7	5,6	6,9	6,8	7,8
Sum	100	100	100	100	100	100	100	100	100
Grunnlag/samla løyvingar (1000 kroner)	510 798	560 387	574 855	633 260	705 594	757 803	818 730	854 395	889 800

(*post 74 er p.t. ikkje fordelt på formål. Eg har gjort eit anslag)

Dei etter kvart mange innkjøps- og produksjonstøtteordningane for ulike typar litteratur høyrer òg heime på dette kapitlet. Det vert frå dette kapitlet også ytt støtte til ei rekkje med organisasjonar, prosjekt og tiltak, inklusive festivalar, på litteratur- og språkområdet. Som vi såg av tabell 7, har realveksten på dette området vore godt under middels.

I perioden 2005-2010 var realendringane på dette feltet i alt 157 mill. kroner. Av dette la *Nasjonalbiblioteket* beslag på 79 mill., dvs. 50 pst. I 2011 fekk institusjonen ein realauke på 6 mill. kroner. I tillegg kom ei styrking på 8 mill. kroner til arbeidet med å etablere ein norsk språkbank. Det har også tidlegare vore gitt midlar til dette. Realauken i 2012 var 4,4 mill. Språkrådet hadde ein realvekst 2005-10 på 9,2 mill. kroner og Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek (NLB) på 3,5 mill. For Språkrådet vart budsjettet styrkt etter at Språkmeldinga var lagt fram og behandla i Stortinget. Realveksten var 3 mill. kroner i 2009 og 2 mill. kroner i 2010. I 2012 og 2013 er realveksten 1 mill., etter eit kvileår i 2011.

Litteraturordningane under Kulturrådet høyrer òg heime i dette budsjettkapitlet. Som gjort greie for tidlegare har budsjetttrutinane variert ein del opp gjennom perioden. Men vi kan i det minste vurdere samla realendringar frå 2008, og for kvar av ordningane i perioden 2008-2010. Det er nyaste innkjøpsordninga, for sakprosa, som har vorte mest styrkt i denne perioden, med 5,1 mill. kroner av ein samla realauke på 14,7 mill. Den største, og eldste innkjøpsordninga, for ny norsk skjønnlitteratur, har ein realauke på 3 mill. kroner i 2008-10. For åra 2011-2013 har litteraturordningane til saman vorte styrkte med 4,4 mill. kroner.

Under post 74 og 78 vert det gjeve støtte til meir enn eit 50-tals (faste) tiltak. 78-posten er på 103 mill. kroner i 2012. Største tiltaka er Bibliotektenesta i fengsel (20 mill), Norsk forfattarsentrum (12 mill.) og Norla, Senter for norsk skjønn- og faglitteratur i utlandet (11 mill.). Det er fengselsbibliotektenesta som over tid (2005-12) har hatt sterkast realvekst. Også bibliotektenesta over innvandrarar og flyktningar har hatt solid realauke. Utover dette er det vanskeleg å finne tiltak, av noko omfang, som har vorte spesielt prioriterte.

Støtta til Noregs Mållag og Det Norske Samlaget går òg over dette kapitlet. I tabellen har vi plassert desse tiltaka saman med Norsk Litteraturfestival og nokre ordbøker i kategorien ”*Andre formål.*” Dei største tilskotspostane her er Det Norske Samlaget og Norsk Ordbok 2014, som begge er tilgodesett med ei løyving på rundt 15 mill. kroner i 2012. Veksten i løyvingar, og realveksten, gjeld løyvingar til Noregs Mållag og Det Norske Akademis store ordbok.

Oppsummering

Også på dette området har vi éin stor institusjon som fer med vel halvparten av løyvingane. Det festnar seg eit inntrykk av at departementet har prioritert å følgje opp språkmeldinga frå 2007/08. Det gjeld ekstra løyvingar både til Nasjonalbiblioteket og Språkrådet. Dei digitale utfordringane er ein viktig bakgrunn for dette. Prioritering av ordboksarbeid og utviding av litteraturstøtteordningar, m.a. for norsk sakprosa, er òg ein del av arbeidet med å styrkje det norske språket. Å utvide ordningar med bibliotekeneste for dei som i fengsel, og for innvandrar og flyktningar, er òg ein del av eit arbeid med språkutvikling. Men veksten på dette området har vore klart lågare enn på dei tre store områda musikk, scenekunst og museum.

Arkivformål

Arkivområdet er eit avgrensa og oversiktleg felt. Det består først og fremst av Arkivverket, som omfattar Riksarkivet, dei åtte statsarkiva, Samisk arkiv og Norsk helsearkiv. I 2012 er driftsløyvinga til Arkivverket 292 mill. kroner. Samla budsjett for arkivformål (kap 329) er 324 mill. kroner. I tillegg kjem utgifter i samband med oppdragsverk og utgifter til ”nyanskaffelser” på i alt 17 mill. kroner. Arkivverket utgjer med dette meir enn 95 prosent av utgiftene over kap 329. Korkje i reknearka eg har fått eller i budsjettproposisjonen, er løyvingane til Arkivverket fordelt på dei enkelte institusjonane.

Norsk lokalhistorisk institutt (Oslo) vert òg finansiert over dette kapitlet som ein fast post, med vel 6 mill. kroner i 2012. Under post 78 Ymse faste tiltak vert det løyvd pengar til Arbeiderbevegelsens Arkiv (6,8 mill. i 2012), til Misjonsarkivet og til stiftelsen Asta (1,7 mill. til saman). Det er det heile. Dei faste løyvingane til Landslaget for lokal- og privatarkiv og Støtteordning for privatarkiv vart i 2011 flytta til kap. 320, post 74.

Oppsummering

Veksten i arkivbudsjettet i perioden 2005-12 har vore litt lågare enn den samla veksten i utgiftene til kulturformål. Men dei siste tre åra viser tala at arkivverket er ein ”budsjettvinnar”, med ein realvekst på 14 pst., jf. tabell 7. Heile realveksten desse tre åra (ca. 38,5 mill.) kom i Arkivverkets budsjett. For 2011 og 2012 er ikkje auken fordelt. For 2013 går 12 av 15 mill. kroner til nytt magasin ved Statsarkivet i Bergen. I september i år vart den aller første stortingsmeldinga om arkiv lagt fram.

Kunstnarformål

Dette kapitlet (kap. 321) er òg eit enkelt og oversiktleg budsjettkapittel, prega av stabilitet og nesten ingen såkalla ”tekniske endringar”. Som det går fram av tabell 7, er det dette området som gjennom perioden har hatt svakast vekst, både når det gjeld nominelle løyvingar og realvekst. Mesteparten av realveksten gjeld vederlagsordningane. Desse ordningane har òg auka sin del av det samla budsjettkapitlet med 2,8 prosentpoeng, jf. tabell 16 nedanfor.

Tabell 16 *Fordeling av løyvingar – kunstnarformål 2005-2012. Prosent.*

Type ordning	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Statsstipendiatar	4,4	4,5	4,6	4,5	4,5	4,3	4,3	3,6	3,6
Stipend basert på gjennomført kunstutd	3,9	4,0	4,0	4,0	4,1	4,1	4,1	4,0	3,1
Kunstnarstipend m.m.	30,4	29,6	29,5	29,5	29,5	29,7	29,6	29,6	31,8
Garantiinntekter	28,0	27,8	28,2	27,8	28,0	27,3	27,4	27,0	25,5
Vederlagsordningar	33,2	33,8	33,5	34,3	34,0	34,7	34,6	35,9	36,0
Sum	100	100	100	100	100	100	100	100	100
Grunnlag/samla løyving (1000 kroner)	303 795	308 474	322 695	336 240	363 862	378 236	390 981	412 005	430 900

Vederlagsordningane omfattar bibliotekvederlag, visningsvederlag, vederlag for bruk av musikk i gudstenester mm. og eit særskilt utstillingsstipend for biletkunstnarar, kunsthandverkarar og fotografar. Satsar for vederlaget er resultat av avtalar som vert inngått mellom staten og dei kunstnarorganisasjonane som har forhandlingsrett. I 2011 vart det utbetalt 90,4 mill. kroner i bibliotekvederlag, 41,8 mill. som visningsvederlag og 1,8 mill. i vederlag for framføring av musikk under gudstenester mm. Alle desse vederlaga er kollektive.

Oppsummering

Når det gjeld kunstnarstipend og garantiinntekter, er utviklinga under Kulturløftet prega av stabilitet. Men departementet siktar mot ei nedbygging av garantiinntekta og ein tilsvarande auke av kunstnarstipenda. Dette har skjedd gjennom omdisponeringar frå garantiinntekter til stipend, seinast i budsjetta for 2012 og 2013. Vi kan lese av dette i ein svak reduksjon i den delen garantiinntekta utgjer av totalbeløpet på dette området.

Dei to andre ordningane, statsstipendiatar og stipend basert på gjennomført kunstutdanning, har heller ikkje vore mykje endra. Det har i perioden (2008/09) vorte gjennomført ei større gransking av inntektsforholda for norske kunstnarar. I liten grad finn vi spor etter resultatane frå denne i dette budsjettkapitlet. Satsane for vederlagsordningane var forhandla fram mellom staten og kunstnarorganisasjonane med forhandlingsrett.

Allmenne kulturformål

Dette er eit vanskeleg budsjettkapittel for analyseformål. Nokre av postane er heilt eller delvis formålsretta på ein slik måte at det er naturleg å la postane vere med i sektoranalysen. Det gjeld t.d. post 74 i dette kapitlet, som er delt inn etter formål; dvs. om tiltaka dreier seg om musikk, scenekunst, kulturvern, biletkunst osv. Desse budsjettpostane har eg skilt ut frå kap. 320 og ført dei over til og inn i analysen av sektorkapitla. Det same har eg gjort med spesifiserte løyvingar til ordningar i Norsk kulturfond som har vore handsama av Kulturrådet. Budsjettpraksis på dette feltet har, som vi har vore inne på, variert mykje gjennom perioden. For 2013 er ikkje fordelinga av post 74 etter formål klar.

Det vi då står att med på kap. 320 Allmenne kulturformål, er mellom anna dette: Løyvingar til Norsk kulturråd, Sametinget, Fond for lyd og bilde, Norsk kulturfond post 55 og 56 Allmenne formål, Nasjonale kulturbygg (post 73), post 74 Allmenne kulturformål, post 78 Ymse faste tiltak (allmenne), Nobels fredssenter og Stavanger- europeisk kulturhovudstad, pluss nokre andre mindre postar. Samla sum her for 2005 er 357 mill. kroner og for 2012, 591 mill. kroner.

Tabell 17 *Fordeling av løyvingar – allmenne kulturformål 2005-2013. 1000 kroner*

Formål/post	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Norsk kulturråd mm	40 545	40 418	41 716	43 804	53 322	59 351	109 722	112 471	129 495
Fond for lyd og bilde	19 500	21 500	25 000	26 075	27 222	28 722	29 612	30 530	31 537
Sametinget	32 113	43 743	47 405	53 543	61 993	65 353	67 379	70 379	72 702
Nobels fredssenter	16 200	16 718	17 353	21 353	24 353	25 353	26 139	26 949	28 538
Nasjonale kulturbygg	164 800	6 800	54 558	69 700	141 767	157 900	164 000	168 500	195 500
Post 74, allmenne formål	12 768	16 525	15 158	16 954	19 825	20 987	22 353	19 199	21 000
Post 78, allmenne formål	22 356	24 134	33 393	42 305	29 794	31 275	30 160	29 714	27 444
Andre formål	48 995	36 214	63 823	89 723	61 915	58 967	113 243	133 670	79 008
SUM	357 277	206 052	298 406	363 457	420 191	447 908	562 608	591 412	585 242

Deler vi dette opp prosentvis i forhold til årleg løyving, vert biletet slik:

Tabell 18 *Fordeling av løyvingar – allmenne kulturformål 2005-2013. Prosent.*

Formål/post	2 005	2 006	2 007	2 008	2 009	2 010	2 011	2 012	2013
Norsk kulturråd mm	11,3	19,6	14,0	12,1	12,7	13,3	19,5	19,0	22,1
Fond for lyd og bilde	5,5	10,4	8,4	7,2	6,5	6,4	5,3	5,2	5,4
Sametinget	9,0	21,2	15,9	14,7	14,8	14,6	12,0	11,9	12,4
Nobels fredssenter	4,5	8,1	5,8	5,9	5,8	5,7	4,6	4,6	4,9
Nasjonale kulturbygg	46,1	3,3	18,3	19,2	33,7	35,3	29,1	28,5	33,4
Post 74, allm. formål	3,6	8,0	5,1	4,7	4,7	4,7	4,0	3,2	3,6
Post 78, allm. formål	6,3	11,7	11,2	11,6	7,1	7,0	5,4	5,0	4,7
Andre formål	13,7	17,6	21,4	24,7	14,7	13,2	20,1	22,6	13,5
SUM	100	100	100	100	100	100	100	100	100
Grunnlag/samla løyving	357 277	206 052	298 406	363 457	420 191	447 908	562 608	591 412	585 242

Norsk kulturråd omfattar i hovudsak utgiftene til administrasjon av arbeidet i og med Norsk kulturråd og Norsk kulturfond, Statens kunstnarstipend, Fond for lyd og bilde og, frå 2011, den delen av ABM-utvikling som vart ført over til Kulturrådet. Også ein del utgifter som vert disponerte av KUD er inkludert i denne posten. Realveksten til Kulturrådets administrasjon har vore beskjeden, med eit unntak for åra 2010 og 2011, då det var lagt inn ein realvekst på 5 mill. kroner kvart av åra. Dette hadde samanheng med dei nye oppgåvene Kulturrådet fekk med overtakinga av m.a. ABM-utvikling. For 2013 er der overført midlar til Kulturrådet frå Rikskonsertane i samband med overføring av oppgåver. Når det gjeld tilskotsordninga *Fond for lyd og bilde* har realveksten vore liten med nullvekst fire av dei fem siste åra. *Sametinget* har ein bra realvekst i åra 2007-2010, men om lag nullvekst dei siste tre åra. *Nobels fredssenter* har mindre realvekst i åra 2008-2010, låg realvekst deretter. Løyvingane til *nasjonale kulturbygg* varierer, med relativt store løyvingar 2009-12 og i 2005. Nedgangen i 2006 skuldast bl.a. at frigjorte midlar herifrå vart nytta til å finansiere Kulturløftets første år. Som vi alt har nemnt, har det siste del av perioden vore større løyvingar til Kilden i Kristiansand, Stavanger konserthus, Hålogaland teater og Senter for nordlige folk i Tromsø.

Når det gjeld dei *andre ikkje-spesifiserte postane*, er det på grunn av budsjett-tekniske og andre endringar, vanskeleg å peike på spesielle utviklingstrekk. Tala må òg takast med atterhald. Men vi kan nemne at organisasjonar som mellom anna Folkeakademienes Landsforbund, Foreningen Norden, Fellestrådet for kunstfagene i skolen og Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjonar mesteparten av perioden har vore å finne på post 78 med årlege jamne løyvingar på mellom 3 og 7 mill. kroner, utan realvekst. "Den kulturelle spaserstokken" kom inn på post 78 med 5 mill. kroner i 2007 og same auke i 2008, for så å

forsvinne til kap. 314 Kultur og samfunn. Slike endringar er det mange av. Ungdommens kulturmønstring var på post 74 i perioden 2005-10, med knapt 8 mill. kroner siste året. Tiltaket hadde ein liten realvekst dei fleste åra i perioden.

I denne “samlekategorien” har det òg vore funne rom for løyvingar til “Stavanger – europeisk kulturhovedstad,” med 100 mill. kroner i alt i perioden 2006-2008, til “Pilgrimssatsing” i perioden 2009-2012, med vel 5 mill. kroner per år og til EUs kulturprogram og Norges forskingsråd. I 2010-11 har det her òg vorte sett av midlar til “prosjekt- og utviklingstiltak på museums- og arkivfeltet” (35 mill. kroner i 2012), mens det i 2012 vart løyvd 5 mill. kroner til “Inkludering fellestiltak.”

Gjennomgangen syner, om noko, at det har vore låg realvekst til dei institusjonane som sorterer under denne posten.

Oppsummering og hovudtrekk for dei enkelte fagområda

Eg viser til oppsummeringa innleiingsvis (side 4).

VEDLEGG

KULTURLØFTET I og II

Kulturløftet ble lansert i 2004 av SV, AP og SP, og var det første store samarbeidet mellom de rødgrønne partiene. Kulturløftet består av 15 konkrete løfter, hvorav det viktigste er et løfte om at 1 % av statsbudsjettet skal brukes på kultur innen 2014.

Kulturløftet er med andre ord et løfte om at bevilgingene til kultur skal økes kraftig – slik at alle deler av kulturlivet får et løft. Det innebærer også andre endringer som er til gode for kulturlivet, slik som opprydding i ulike støtteordninger og liknende.

Da Kulturløftet ble lansert besto det av 15 følgende punkter:

1. 1 prosent av statsbudsjettet skal gå til kultur i 2014
2. Innføring av kulturlov
3. Bedre levekår for kunstnere
4. Kulturskole for alle barn som ønsker det
5. Støtte opp om den norske filmsuksessen
6. Satsing på norsk musikk
7. Et løft for dansekunsten
8. Økt satsing på scenekunst og faste grupper
9. Økt satsing på det frivillige arbeidet
10. Utvidet kulturell skolesekk – kulturkort for ungdom
11. Styrking av det norske språk – økt satsing på norsk litteratur
12. Økt utsmykking av offentlige rom
13. Gode vilkår for samisk kultur
14. Norge som flerkulturelt land
15. Satsing på lokale kulturbygg – og utrede ny kulturbåt

Kulturløftet II

1. 1% av statsbudsjettet skal gå til kultur innen 2014

Økningen skal komme alle kunstformer og sjangre til del. Det skal tilstrebes en jevnere fylkesvis fordeling av kulturmidlene. Stortingsmeldinger og handlingsplaner fra perioden 2005-2009 skal følges opp. Vi vil styrke kulturforskningen.

2. Kulturskole for alle barn som ønsker det

Det skal gjennomføres et kulturskoleløft slik at alle barn som ønsker det får et kulturskoletilbud av god kvalitet til en rimelig pris. Dette skal sikres ved statlige stimuleringsmidler og en solid kommuneøkonomi. Utvikling av et mer omfattende kulturskoletilbud i tilknytning til SFO/skole skal

utredes. Det skal være rom for ulik lokal organisering av kulturskolen. Det skal legges til rette for synliggjøring av kulturskolen og for talentutvikling.

3. Gi frivilligheten et løft

Satse 1 milliard på momskompensasjon for frivilligheten og sikre forutsigbare rammebetingelser gjennom Norsk Tipping og grasrotandelen. Gjøre det enklere for frivillige organisasjoner å skaffe egne inntekter. Vi vil samarbeide med de frivillige organisasjonene om inkludering og folkehelsearbeid. Det frivillige kulturlivet skal styrkes. Antall frivillighetssentraler skal økes vesentlig.

4. Styrke bibliotekene og norsk språk

Styrke bibliotekene som arenaer for leselyst, læring og kulturopplevelser. Bidra til et kvalitets- og kompetanseløft i bibliotekene gjennom utviklingstilskudd og modellbibliotek og bruk av ny teknologi. Innkjøpsordningene for litteratur skal styrkes. Etablere en norsk Språkbank. Sikre nynorsken gode kår. Gjøre 2010 til et nasjonalt leseår.

5. Støtte opp om den norske filmsuksessen

Målet er at Norge skal bli ledende i Norden på film, TV-drama og dokumentar, og at 25 % av kinomarkedet skal bestå av norske filmer. Norsk film skal hevde seg internasjonalt. Det skal satses på filmmiljøer i regionene. Målet er at kvinner skal inneha minst 40 % av nøkkelposisjonene i norsk film.

6. Satsing på norsk musikk i alle sjangre

Sikre et godt og variert konserttilbud over hele landet. Bidra til at det utgis mer norsk musikk. Støtteordningene for musikk skal styrkes og utvikles. Det skal etableres en digital innkjøpsordning som gjør musikk tilgjengelig via bibliotekene. Vi skal styrke orkestrene og ensemblene og fullføre etableringen av Nordnorsk Symfoniorkester. Styrke kor og korps, blant annet gjennom dirigentutvikling.

7. Satse på dans

Støtte opp om den positive utviklingen i norsk dans blant annet gjennom å styrke tilskuddsordningen for dans. Det skal satses på talentutvikling innen dansekunsten. Det skal være en bred satsing på mange ulike danseuttrykk over hele landet. Nasjonalballetten skal styrkes.

8. Et godt teater og operatilbud i hele landet

Vi vil sikre et godt teatertilbud, blant annet gjennom å styrke institusjonsteatrene, den frie scenekunsten og teaterfestivalene. Barne- og ungdomsteater og amatørteater skal få et løft. Region- og distriktsoperaene skal styrkes. Den Norske Opera skal ha internasjonal kvalitet og bidra til et operatilbud i hele landet.

9. Satse på arkitektur, billedkunst og kunsthåndverk

Styrke norsk arkitektur og stedsutvikling ved å følge opp den nasjonale handlingsplanen for arkitektur. Satse på billedkunst og kunsthåndverk blant annet gjennom å utvikle visningsarenaene. Styrke stipendordningene og legge særlig til rette for unge kunstnere. Det skal satses på kunst i offentlige rom.

10. Ta vare på norsk kulturarv

Styrke kulturformidlingen gjennom museene, blant annet ved digitalisering av kulturarven. Sørge for at folkemusikk, folkedans og håndverkstradisjonene har gode vilkår. Formidlingen av kirkekultur skal styrkes. Kultur skal stå sentralt i Grunnlovsjubileet 2014.

11. Kultur hele livet

Tredoble satsingen på den kulturelle spaserstokken og gjøre satsingen permanent. Styrke den kulturelle skolesekken og sette i gang et pilotprosjekt med et profesjonelt kulturtilbud i barnehagen. Innføre kulturkort for ungdom i alle fylker som ønsker det. Gi flere et tilbud om kultur på arbeidsplassen.

12. Sikre mangfold, likeverd og likestilling

Legge til rette for at kunst og kulturlivet gjenspeiler mangfoldet i det norske samfunnet og følge opp erfaringer og tiltak fra Mangfoldsåret. Arbeide for likestilling på alle områder i kulturlivet. Motarbeide sjangersjåvinisme og sørge for likeverd mellom kunstformer og sjangre.

13. Samisk kultur

Samisk kultur skal bevares og videreutvikles. Gjennomføre et samisk kulturløft ved å øke kulturbevilgningen til Sametinget. Samisk språk skal styrkes.

14. Bedre kunstneres levekår

Vi vil bedre kunstneres levekår, med hovedvekt på inntektsvilkår og velferdsordninger. Forbedre stipendsystemet og støtte etableringen av en danse-og teaterallianse. Sikre kunstneres rettigheter til egne åndsverk. På basis av dette bruke mulighetene som ny teknologi gir.

15. Øke den lokale kulturinnsatsen

Vi vil være pådrivere for lokal innsats på kulturområdet, blant annet gjennom fortsatt styrking av kommuneøkonomien. Sørge for gode kulturarenaer i hele landet, gjennom å øke bevilgningen til kulturbygg. Bidra til at kulturlovens forpliktelser følges opp. Desentralisere beslutninger og redusere byråkrati slik at mer penger går til aktivitet.

16. Internasjonal kultursatsing

Legge til rette for økt kulturutveksling mellom Norge og andre land. Det skal støttes opp om kulturarbeidet i nordområdene og om den norsk-russiske kultursamarbeidet. Kultur skal brukes aktivt i norgesprofilering.

17. Satse på næringsutvikling og kultureksport

Det skal stimuleres til kultur- og næringsprosjekter og økte private bidrag til kultur. Utvikle potensialet i koblingen mellom kultur, næring og reiseliv. Legge til rette for at flere kunstnere skal kunne leve av egen kunst. Det skal legges til rette for at mer av norsk kultur kan eksporteres til utlandet.